

Stryn kommune

2019

Planomtale for Kommunedelplan for Oppstryn



15.03.2019

Planstrategi

Samfunnsdel

Handlingsdel/Økonomiplan

Arealdel

Kommunedelplan

INNHALD

Innhald	2
1. Innleiing	4
1.1. Bakgrunn og føremål	4
1.2. Organisering og medverknad	4
1.3. Rammer for planarbeidet	5
1.3.1. Nasjonale retningslinjer	5
1.3.2. Regionale føringar	5
1.3.3. Kommunale planar og andre styringsdokument	6
1.3.4. Planavgrensing	6
2. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)	7
2.1. Innleiing	7
2.2. Heilskapleg ROS-analyse for Stryn kommune	7
2.3. Avgrensing av analysen	7
2.4. Risiko for moglege hendingar	7
2.4.1. Snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred	7
2.4.2. Flaum/Flaumskred	8
2.4.3. Overvatn	8
2.4.4. Skog og lyngbrann	8
2.4.5. Vind	8
2.4.6. Sårbar flora og fauna	9
2.4.7. Verneområde	10
2.4.8. Vassdragsområde	10
2.4.9. Kulturminne/-miljø	10
2.4.10. Ureining	12
2.4.11. Høgspenliner	12
2.4.12. Utrykkinskøyretøy og slokkevasskapasitet	12
2.4.13. Vatn med fare for usikker is	12
2.4.14. Terrengformasjonar som utgjær spesielle fare	12
3. Skildring av planframlegget	13
3.1. Skildring av planområdet	13
3.2. Bustadområde	13
3.3. Tettstadutvikling	14
3.4. Folkehelse	15
3.5. Nasjonalparklandsby	15
3.6. Klima	15
3.7. Samferdsle	15
3.8. Fritidsbustader	16
3.9. Lokalt næringsliv	16
3.10. Massetak	16
3.11. Føremål som er teke ut av planen	16
3.12. Mindre endringar	17
3.12.1. Endringar som følgje av ny plan- og bygningslov	17
3.12.2. Planoppdateringar	17
3.12.3. Andre justeringar	17
3.12.4. Kommunale vedtekter	17
4. Konsekvensutgreiing med ROS-analyse	18
4.1. Innleiing	18
4.2. Metode	18

4.2.1. Verdivurdering	18
4.2.2. Omfangsvurdering	18
4.2.3. Konsekvensvurdering	18
4.3. Utgreiingstema	19
4.4. Kunnskapsgrunnlaget	20
4.5. Utgreiingar i planområdet	22
4.5.1. Tettstadsprosjekt på Hjelle	22
4.5.2. Grøn energi til Tystigen	22
4.5.3. Klimavenleg arealplanlegging	22
4.6. Konsekvensutgreiing av planlagte byggeområde	22
4.7. Konsekvensar av planframlegget	23
4.8. Vurderingar i høve naturmangfaldlova	24

1. INNLEIING

1.1. BAKGRUNN OG FØREMÅL

Kommuneplanen er eit overordna styringsdokument, og skal vere førande for utviklinga i kommunen. Den består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen vart revidert i 2013 og fastset mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Hovudmålet i kommuneplanen sin **samfunnsdel** 2013-2024 er *Vekst basert på bulyst og næringsutvikling*. For å nå hovudmålsetjinga har ein valt ut tre satsingsområde med tilhøyrande mål og strategiar. Desse er folkehelse, tilrettelegging for næringslivet og bulyst og bustadtilbod.

Arealdelen skal vise samanhangen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og er juridisk bindande. Arealdelen består av eit hovudkart i tillegg til 14 meir detaljerte delplanar.

Stryn kommune sin **planstrategi** for 2016- 2020 klargjer kommunen sitt behov for planar og prioritering av desse i kommunestyreperioden. Av prioriterte planoppgåver er det kommunedelplan for Mindresunde-Hjelle som står for tur. Namnet på planen er no kommunedelplanen for Oppstryn.

Planprogrammet for kommunedelplan for Oppstryn blei fastsett 6. februar 2018. I tråd med planprogrammet skal planen omfatte følgjande tema:

- Bustadområde
- Tettstadutvikling
- Folkehelse
- Nasjonalparklandsby
- Klima
- Samferdsle
- Fritidsbustader
- Lokalt næringsliv
- Massetak

1.2. ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Kommunedelplanen for Oppstryn er utarbeidd av seksjon plan og næring, som er ein del av rådmannsavdelinga. Teknisk etat har også bidratt i utarbeiding av planframlegget. Planen blir politisk handsama av formannskapet og kommunestyret.

Generell medverknad er i hovudsak i samband med oppstart av planen og ved offentleg ettersyn av planframlegget, då det er høve til å kome med innspel til planen. Det har vore gjennomført tre opne informasjonsmøte;

- Ved oppstart av planen, hausten 2017
- I samband med utarbeiding av tettstadsprosjektet for Hjelle, våren 2018
- Før planframlegget blei lagt ut til offentleg ettersyn, hausten 2018

Det har vore gjennomført mange møte og synfaringar i samband med utarbeiding av framlegget, mellom anna med dei fleste av dei som har kome med innspel til planen og andre aktørar som har betydning for korleis planframlegget blir.

1.3 RAMMER FOR PLANARBEIDET

Planarbeidet er styrt av plan- og bygningslova av 2008. Planen vil bli utforma innafor nasjonalt lovverk, forskrifter, statlege og regionale mål og retningslinjer.

1.3.1. NASJONALE RETNINGSLINJER

Dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» vart vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Forventningane er delt i tre hovudpunkt:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

«Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing», blei fastsett ved kongeleg resolusjon 28. september 2018 og erstattar Statleg planretningslinje 4. september 2009 nr. 1167. Føremålet er å sikre at stat, fylkeskommunar og kommunar gjennom planlegging bidreg til reduksjon av klimagassutslepp og auka miljøvenleg energiomlegging.

Forventningane formidlar ikkje alle statlege interesser, oppgåver og omsyn som planlegginga skal ivareta, og som er forankra i forskrifter, stortingsmeldingar og rundskriv. Til dømes står det i plan- og bygningslova §3-1 at kommunen har følgjande oppgåver og omsyn ved utarbeiding av planar:

- Setje mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunar og regionar, avklare samfunnsmessige behov og oppgåver, og seie korleis oppgåvene kan løysast
- Sikre jordressursane, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø
- Sikre naturgrunlaget for samisk kultur, næringsutøving og samfunnsliv
- Leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling
- Leggje til rette for god forming av bygdeomgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår
- Fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseskilnader, og bidra til å førebyggje kriminalitet
- Ta klimaomsyn gjennom løysingar for energiforsyning og transport
- Fremje samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.

1.3.2. REGIONALE FØRINGAR

Regional planstyresmakter har vedteke fleire planar som er retningsgjevande for kommunal planlegging. Følgjande planar er relevante for denne planen:

- Regional plan for folkehelse 2015-2025
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021
- Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026
- Regional transportplan 2018-2027
- Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025
- Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging 2012
- Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010-2025
- Fylkesdelplan for landbruk 2002

1.3.3. KOMMUNALE PLANAR OG ANDRE STYRINGSKJEMPE


I samfunnsdelen vedteken i 2013 er det sett ein del overordna mål med tilhøyrande strategiar som ein må ta omsyn til ved utarbeiding av kommunedelplan for Oppstryn.

I tillegg vil mellom anna følgjande interkommunale og kommunale planar gje føringar for planen:

- Kommunedelplan for kulturminne 2017
- Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle 2017-2020
- Kunnskapsdokument for folkehelse 2015
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Stryn og Hornindal kommunar 2015
- Kommunedelplan for oppvekst 2014-2024
- Kommunedelplan for kultur 2013-2016, med handlingsprogram 2017-2020
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020
- Kommunedelplan for energi og miljø 2009-2013
- Kjerneområde landbruk 2006
- Kommunedelplan for bygningsvern 2000
- Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Stryne-, Loen- og Oldenvassdraget 1999

1.3.4. PLANAVGRENSING

Planavgrensinga er frå Mindresunde i vest og til fylkesgrense mot Oppland i aust, Øvre-Flosetra i nord og Erdalssetra i sør.



Avgrensinga av planområdet for kommunedelplanen for Oppstryn er synt med svart stipla line.

2. RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS-ANALYSE)

2.1. INNLEIING

Kommunen som planmynde har ansvar for at samfunnstryggleiken vert ivareteken i planar etter plan- og bygningslova. Det skal takast omsyn til risiko og sårbarheit som kan true liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar.

2.2. HEILSKAPLEG ROS-ANALYSE FOR STRYN KOMMUNE

Heilskapleg ROS for Stryn og Hornindal kommunar vart utarbeidd i 2014 og vedteken i 2015. Den gjev mellom anna oversikt over risikoar som må takast omsyn til i overordna plan. I dokumentet er Oppstryn nemnt som område som er utsett for eit mangfald av skred.

Snø og sørpeskred frå Sunndøla er spesielt nemnt. Flostranda (og Hjellestranda) er utsett for steinsprang og steinskred. Langs riksveg 15 på sørsida av Oppstrynsvatnet har det fleire gongar gått flaumskred over vegen ved store nedbørmengder. Isgang kan oppstå i Hjelledøla med fare for Oppstryn skule og barnehage.

Oppigardshyrna og Hjellehyrna er nemnde som døme på aktuelle område for fjellskred med flodbølge som konsekvens. NGI har vurdert faren for hendingar her som lite sannsynleg. Dette er difor ikkje teke omsyn til i planframlegget.

Skåre er eit av områda i kommunen som er spesielt utsett for kastevindar. I planområdet er Flovegen og rv 15 over Strynefjellet utsett for stenging pga uvær, ras og fare for ras.

Det er ikkje anlegg eller verksemder i området som utgjer risiko for store industriulukker eller akutt ureining.

2.3. AVGRENSING AV ANALYSEN

Det er krav om ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) ved utarbeiding av planar for utbygging, jf. PBL § 4-3. Potensiell risiko og sårbarheit innafor planområdet skal identifiserast.

Kommunen har teke utgangspunkt i Sogn og Fjordane fylkeskommune si sjekklister for å velje ut hendingar som må analyserast vidare. Dei som ikkje er relevante for planen er ikkje teke med vidare. Det er nytta prosa i analysen, ikkje matrise.

I tillegg til ein overordna ROS-analyse for heile planområdet her, er det i tillegg ei sjekklister knytt til konsekvensutgreiingane for dei einskilde utbyggingsområda. Analysen skal femne om alle risiko- og sårbarheitstilhøve som er avgjerande for om eit areal er eigna til utbygging, og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko.

2.4. RISIKO FOR MOGLEGE HENDINGAR

2.4.1. SNØSKRED, STEINSPRANG OG JORD- OG FLAUMSKRED

I tråd med NVE si tilråding er NGI sitt aktsemdkart for snøskred og steinsprang og aktsemdkart for jord- og flaumskred lagt inn som omsynssoner i plankartet. Det er krav om faresonekartlegging for tiltak som fell innanfor desse omsynssonene som syner potensiell ras- og skredfare, slik at ein får vurdert den reelle skredfare.

Utanfor det som er kartlagt av NGI er ikkje aktsemdskart for snøskred, aktsemdskart for steinsprang og aktsemdskart for jord- og flaumskred lagt inn. Grunngevinga for dette er at omsynssoner skal i høve lova leggest inn i nødvendig utstrekning der det har betydning for bruken av areal. Då dette gjeld i hovudsak fjellområda kan ein ikkje sjå at dette er naudsynt.

I tillegg er det nytta detaljert faresonekartlegging som NGI har utarbeidd på vegne av NVE i utvalde område i Stryn kommune. Dette gjeld i hovudsak område med eksisterande busetnad som er utsett for ein viss skredfare. Desse faresonene er lagt inn i plankartet, med tilhøyrande føresegn. Det er i tillegg teke omsyn til faresonekartleggingar der grunneigarane er tiltakshavarar.

I dei generelle føresegnene er det lagt inn ei buffersone på 20 meter til kvar side av mindre elvar/bekkar. Dette vil i dei aller fleste tilfelle vere tilstrekkeleg for å hindre fare for erosjon, flaum og skredhendingar knytt til elva/bekken.

2.4.2. FLAUM/FLAUMSKRED

Nedbørmengda i Sogn og Fjordane er, etter middels framskriving i NVE sine prognosar, venta å auke med 14,2 % fram mot 2100 (NOU-Klima i Norge 2100). Det er venta at det blir fleire dagar med mykje nedbør, og at gjennomsnittleg nedbørmengd for desse dagane blir høgare i heile Norge og for alle årstider. Dermed kan flaumutsette område oftare bli råka av flaum.

Med bakgrunn i klimaendringar reknar ein med at flaumvassføringa i større vassdrag vil auke med meir enn 20 % dei neste 20 åra i høve dagens 200- års flaum. For Stryn er klimapåslaget sett til 40 %.

NGI har utarbeidd nye flaumsonkart for Stryn og Hjelle der klimapåslaget er innarbeidd. I tillegg er det teke omsyn til effektane av bølge- og vindoppstuving. Hovudmålet med flaumsonkartlegginga er å få eit betre grunnlag for arealplanlegging, byggjesakshandsaming og beredskap i område utsett for flaum, med mål om å førebyggje og redusere skadar som følgje av flaum. Den nye flaumsona for Oppstryn er lagt inn i plankartet som faresone.

Stryn kommune har søkt NVE om å starte arbeid med utgreiing og planlegging av tiltak for å sikre eksisterande busetnad og næringsområde mot skade som følgje av flaum frå Sunndøla på Folven. Dette arbeidet er ikkje ferdigstilt.

2.4.3. OVERVATN

Med auka nedbørmengder og store nedbørmengder på kort tid aukar risiko for skader på grunn av overflatevatn. Alle nye utbyggingsområde er vurderte for temaet, og tiltak er gjort greie for.

2.4.4. SKOG OG LYNGBRANN

Klimaendringar med lengre tørkeperiodar kombinert med berr mark om vinteren /tidleg vår, har auka faren for lyng- og skogbrann. Vi har i seinare tid hatt to større brannar på grunn av lynnedslag og uvøren omgong med eld, ein av dei i Oppstryn.

2.4.5. VIND

Mellom 1992 og 2016 har vi hatt tre hendingar med orkanvarsel og orkan på Vestlandet. To av desse hendingane førte til skade på bygningar i planområdet. Skadene har skjedd på vindretning frå vest eller nordvest. NOU 2010: 10 seier at mykje tyder på at høge vindstyrkar kan bli hyppigare.

2.4.6. SÅRBAR FLORA OG FAUNA

Innanfor planområdet er det to område som er verna etter Naturvernlova/Naturmangfaldlova. Dette er Jostedalsbreen nasjonalpark og Flostranda naturreservat. Desse område er i kommunedelplanen bandlagde etter anna lovverk. Innanfor desse områda skal tiltak handsamast i tråd med forskriftene.

Biologisk mangfald vart kartlagt av Miljøfagleg Utredning i 2001 og 2002. Supplerande kartlegging vart gjennomført i 2009-2012. Innanfor planområdet vart det registrert 31 lokalitetar av naturtypar som er vurdert som svært viktige, viktige og lokalt viktige. I samband med kartlegging av potensielle edellauvskogar i Sogn og Fjordane for Miljødirektoratet i 2013 vart grensene for nokre av lokalitetane justerte. Det er lagt omsynssone på lokalitetane i planen, med unntak av Flostranda naturreservat der dei biologiske kvalitetane blir teke i vare gjennom forskrifta til verneområdet.

Nokre av desse har i tillegg status som utvald naturtype, som betyr at dei har ein særskilt sikring. Det er førebels 6 utvalde naturtyper i Noreg: Slåttemark, Slåttemyr, Hule eiker, Kalksjø, Kalklindskog og kystlynghei. Av desse er det slåttemark, slåttemyr og hule eiker ein kan finne i Stryn kommune.

Områdenummer	Områdenamn	Viktig/Utvald naturtype	Verdi
BN00001978	Flostranda naturreservat	Rik edellauvskog	Svært viktig
BN00001979	Ljåstad nord, Veslebygda	Slåttemark	Viktig
BN00001980	Ljåstad vest, Veslebygda	Naturbeitemark	Lokalt viktig
BN00085117	Eikenaurane-Kvitfjell	Sørvendte berg og rasmarker	Viktig
BN00085128	Eikenes 1	Store gamle trær/Hule eiker	Viktig
BN00002041	Mindresunde	Mudderbank	Lokalt viktig
BN00099965	Mindresunde 2	Store gamle trær/Hule eiker	Viktig
BN00099909	Mindresunde 1	Store gamle trær/Hule eiker	Viktig
BN00085114	Åremarka	Slåttemark	Viktig
BN00001987	Storsetra	Naturbeitemark	Viktig
BN00085137	Hjellevonga	Slåttemark	Svært viktig
BN00085129	Sunndalslia	Høstingsskog	Viktig
BN00085103	Sunndalen	Slåttemark	Svært viktig
BN00002040	Tverrelvfossen	Fossesprøytzone	Viktig
BN00002036	Hestegardshøgda, Sunndalen	Gammel boreal lauvskog	Viktig
BN00001988	Haugane, Hjelldalen	Slåttemark (3 område)	Viktig
BN00002039	Øvstebufossen, Videdalen	Fossesprøytzone	Viktig
BN00001996	Ryggfonna, Grasdalen	Naturbeitemark	Viktig
BN00001995	Sætreskaret	Kalkrike områder i fjellet	Lokalt viktig
BN00001990	Skjeringsdalsetra	Naturbeitemark	Viktig
BN00085118	Glærledet	Kalkrike områder i fjellet	Viktig
BN00002038	Glera, Hjelldalen	Fossesprøytzone	Svært viktig
BN00085110	Jøl-bru, Åseledet	Gammel boreal lauvskog	Svært viktig
BN00002037	Skora - Hjelldalen	Rik edellauvskog	Viktig
BN00085122	Ytstegjerdane	Rik sump- og kildeskog	Svært viktig
BN00002034	Glomnesfossen	Fossesprøytzone	Svært viktig
BN00085102	Segestad-hagemark	Hagemark	Viktig
BN00085131	Segestad-slåtteng	Slåttemark	Lokalt viktig
BN00002035	Felåna aust	Rik edellauvskog	Svært viktig

Strynevasdraget er eit nasjonalt laksevasdrag, jf. St.prp. nr.32 (2006-2007) Om vern av villaksen. Laksestammene i slike vassdrag er vurdert som spesielt viktige å ta vare på i all type planlegging.

Planområdet omfattar fleire område som er definert som inngrepsfrie naturområde (INON). Planområdet Oppstryn inneheld ein uvanleg høg prosent av slike område, fordelt på Tystigen-Kamperhamrane og Jostedalsbreen i sør og eit mindre område innerst i Glomsdalen. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde som vil redusere INON-områda.

Viktigaste omsynsart i viltkartlegginga for området er villreinen. Ottadalen villreinområde har fått status om nasjonalt villreinområde. Viktige deler av dette leveområdet finn ein i området Kamperhamrane og Langvasseggi-Ospelihyrna-Grasdalen.

2.4.7. VERNEOMRÅDE

To område innanfor planområdet er verna etter lov om naturvern. Det eine er Flostranda naturreservat, med føremål å ta vare på eit edellauvskogsområde. Det andre er Jostedalsbreen nasjonalpark, som omfattar den største isbreen på Nord-Europas fastland.

Verneområda har bandleggingszone, bandlagde etter anna lovverk - her naturvernlova, i planen. Forskriftene for dei einskilde verneområda er førande ved sakshandsaming.

2.4.8. VASSDRAGSOMRÅDE

Strynevassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan I. Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Stryne-, Loen- og Oldenvassdraget vart utarbeidd i 1999. Planen er i samsvar med rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, som mellom anna seier at ein skal legge særleg vekt på at inngrep ikkje skadar opplevinga av vassdraget, kulturminne og tilhøve for friluftsliv.

Alle myndigheiter som avgjer inngrep og tiltak har ansvar for å følgje opp vassdragsvernet og dei nasjonale måla som er gjevne i rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Stryn kommune har vurdert nye område for utbygging konkret opp mot kommunedelplanen.

2.4.9. KULTURMINNE/-MILJØ

Automatisk freda kulturminne

Dei automatisk freda kulturminna har bandleggingszone, bandlagt etter anna lovverk – her kulturminnelova, i planen. Id-nummeret er henta frå Kulturminnesøk;

ID 180517:	Lok. 1 Storesunde, bosetningsspor
ID 180518:	Lok. 2 Storesunde, bosetningsspor
ID 180519:	Lok. 3 Storesunde, bosetningsspor
ID 6047-1	Mindresunde, gravrøys frå jernalder, på Seimeplassen
ID 45549-1	Mindresunde, gravhaug frå jernalder
ID 60607-1	Dispaholmen, gravrøys frå jernalder
ID 66497-1	Langholmen, gravrøys frå yngre jernalder
	Tunold, fallos (Dette kulturminnet ligg ikkje inne i kulturminnesøk)
ID 25 612-1	Nibba, bautastein frå jernalder
ID 223618-1	Nesje, kyrkjestad frå middelalder
ID 85231-1	Oppstryn, kyrkjestad frå 1600-talet, tredje kvartal
ID 132140	Greidung, hellar frå jernalder
ID 132123	Storesetra, hellar frå eldre jernalder
ID 132126	Storesetra, hellar frå seinmiddelalder
ID 179928	Storesetra, offerstein frå førreformatorisk tid
ID 55297	Nos, Skålgropsteinfrå bronsealder-jernalder
ID 95319	Hjelle, tuft frå yngre jernalder
ID 115107	Hjelle, gravhaug frå bronsealder – jernalder
ID 45544	Bolstad, gravrøys frå jernalder

ID 35517	Grov, gravhaug frå jernalder
ID 25609	Grov, bautastein frå jernalder
ID 179934	Sunnaldalen, kolgrop frå 1700-talet
ID 132330	Sunnaldalen, rydningsrøys frå førreformatorisk tid
ID 180045	Videdalen, hellar frå romertid
ID 180043	Videdalen, busetnadspor frå førreformatorisk tid

Gamle Strynefjellsvegen

Den gamle Strynefjellsvegen er omtala i nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne. Den gamle Strynefjellsvegen er ein del av Strynefjellet vegmiljø, som er eit forskriftsfreda kulturmiljø. Føremålet er å bevare vegen sin plassering og forløp i terrenget, og omfattar heile vegen inklusive murar, sideterreng, stabbesteinar, stikkrenner og anna vegutstyr.

Det er i tillegg lagt omsynssone på utsiktspunktet ved Videfossen. Omsynssona omfattar turvegen fram til fossen, utsiktspunktet, samt ei sone rundt området. Utsiktspunktet som vart oppført i 1997 er klassifisert av fylkeskommunen som eit regionalt verdifullt kulturminne frå nyare tid.

Andre gamle ferdselsvegar

Ferdselsvegen over Flofjellsvegen var i si tid ein viktig transportveg med hest mellom aust og vest før det etter kvart kom bilveg ned Strynedalen. Som teikn på dette var Vollset, som i dag ligg i Stranda kommune, tidlegare ein del av Stryn kommune.

Ferdselsvegen over Kamperhamrane er ein av dei eldste ferdselsvegane over fjellet mellom aust- og vest - Noreg. Ruta går frå garden Sunndalen i Oppstryn, aust over fjellet og gjennom Raudalen til Skjåk i Ottadalen. Ruta går over det bratte fjellpartiet Kamperhamrane, der stien er oppmura i trappetrinn ved hjelp av naturstein. Stien over Kamperhamrane stod ferdig restaurert i 2014.

Det er lagt omsynssone på desse to driftevegane i planen.

Landskap

Det er lagt omsynssone rundt Oppstryn Kyrkje, for å ivareta kyrkja sin plass i omgjevnadene. Oppstryn kyrkje er listeført, noko som betyr at den er definert som verneverdig.

For å ivareta gravhaugen på Hjelle i landskapet er det også lagt ei omsynssone her.

1000-årsminnet

Garden Segestad er regulert til spesialområde bevaring av kulturminne. Segestad vart også stemt fram som 1000-årsminnet i kommunen ved århundreskiftet i samband med det nasjonale kulturminneåret i 1997. Segestad har også omsynssone i kommunedelplanen.

Andre bygningar og bygningsmiljø

SEFRAK (Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg) er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. Ein del av desse er bygningar eldre enn år 1850, og er i følge kulturminnelova § 25 meldepliktige ved riving/ombygging.

Dei SEFRAK-registrerte bygningane er i Stryn omfatta av kommunedelplanen for bygningsmiljø frå 2000, der ein i tillegg til sjølve registreringa såg på verneverdien og om dei var del av eit bygningsmiljø. «A- bygningar:» Stabbur Guddal, Sel Erdalsetra, Skulestove Rygg, Nystove øvste Rygg (til nedfalls) og kvennhus Nesje.

Dei mest bevaringsverdige kulturmiljøa har fått eit formelt vern ved at dei er tekne med i arealdelen i kommuneplanen. Følgjande er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø i denne planen:

Kulturlandskap: Kvernhusmiljø Berge/Rygg og Haugane Hjelledalen
Stølsområde: Furesætra, Skorsætra, Storesætra (Erdalsætra), Sunndalssætra og Nos (Bolstadsætra)
Naustområde: Oppigardsnausta (Øvre-Flo), Furenausta og Brekkenausta
Bygningsmiljø: Gardstun Aaning, pakkbuda (Monsbuda) på Fosnes og bygningsmiljø på Hjelle

Mitt kulturminne

Tematisk kommunedelplan for kulturminne vart vedteken i 2017. Hovuddelen av planen omfattar Mitt kulturminne. Felles for desse er at det er minst ein person i lokalsamfunnet som meiner at dette kulturminnet må vi ta vare på. 11 av desse ligg innafør kommunedelplanen for Oppstryn, der 6 er blitt vurdert til å ha stor verdi og som difor har fått omsynssone i planen:

Kasta til Skåra, laksenotkast på Mindresunde (M20 i kulturminneplanen)
Erdalstunet, gnr 21 bnr 2 i Erdalen (M8 i kulturminneplanen)
Erdal Skulehus (M7 i kulturminneplanen)
Kvielarshelljaren, Greidung (M25 i kulturminneplanen)
Gamletunet i Sunndalen (M16 i kulturminneplanen)
Raffelsteinen i Grasdalen (M37 i kulturminneplanen)

2.4.10. UREINING

Ulykke ved langtransport av farleg gods langs Rv 15 representerer den kanskje største faren for akutt og langsiktig ureining av vatn og vassdrag.

Kommunen har teke i bruk den nasjonale databasen «Forurenset grunn». Databasen vert nytta ved vurdering av byggesøknader, graveløyve og ved oppstartmøte av detaljreguleringsplaner. Innanfor planområdet er det registrert to lokaliteter som kan ha ureining i grunnen. Dette er verkstedet ved lokalbutikken Buda på Folven og rundt basestasjonen til Stryn sommarski på Tystigen. Desse er omfatta av faresone i kommunedelplanen.

Vi har ingen næringsverksemdar i planområdet som er årsak til støy- eller støvproblem. Viktigaste støykjelde er vegtrafikkstøy frå Rv 15. Temaet støy og støv er ikkje vektlagt i vesentleg grad i konsekvensutgreiinga som ligg ved plandokumentet.

2.4.11. HØGSPENTLINER

I planframlegget er alle høgspentliner markert med omsynssone. Dette gjeld og der lina er lagt i kabel. Omsynssona si breidde er i samsvar med gjeldande reglar og er sett i samråd med Stryn Energi.

2.4.12. UTRYKKINSKØYRETØY OG SLOKKEVASSKAPASITET

Den brannfaglege kompetansen til kommunen har vore involvert i planarbeidet på ein slik måte at brannførebyggande tiltak har vore inkludert i planen.

2.4.13. VATN MED FARE FOR USIKKER IS

Islegging på Oppstrynsvatnet skjer med års mellomrom for kortare perioder. Historisk har vi mange dødsulykker i Oppstryn knytt til usikker is, men mindre interesse for aktivitet på is og større aksemd har gjort at ulykkene har vorte færre.

2.4.14. TERRENGFORMASJONAR SOM UTGJER SPESIELLE FARE

Turvegen til Segestad går delvis langs ein svært bratt skrent. Mange, og delvis urøynde brukarar av stien, har gjort at den lokale venneforeninga har vurdert sikringstiltak. Ein har likevel landa på å ikkje gjere slike tiltak på grunn av at dette ville ta vekk eige ansvar for ferdsel i naturen.

3. SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

3.1. SKILDRING AV PLANOMRÅDET

Planområdet er prega av landbruksareal og grisgrendt busetnad. Gardane ligg kring Oppstrynsvatnet, og i dalføra Erdalen og Hjelledalen. Tidlegare var det to handelssentrum i området, Fosnes og Hjelle. Desse har framleis eit preg av tettstad, sjølv om butikkane er nedlagde og dei tidlegare sentrumsfunksjonane er flytta.

Planområdet har fleire forhold som avgrensar arealbruken. Dette er i første rekke skred- og flaumfare. I tillegg er det fortidsminnefunn, verneområde og landbruksareal som må takast omsyn til.

3.2. BUSTADOMRÅDE

I lenger tid har det vore mangel på bustadtomter i Oppstryn. Fleire av bustadfelte som var lagt ut i overordna plan i 2006 vart av ulike grunnar ikkje realiserte. I seinare tid har det spesielt vore pågang for å legge til rette for fleire bustader på Hjelle.

Dei siste ti åra har det vore bygd 13 nye bustader i planområdet. 4 av desse er oppattbygging av nye hus på same tomt etter brann. Godkjenning av ny reguleringsplan i Hjellebakkane vil i tillegg realisere to bustader der. Det er grunn til å tru at det hadde vore bygt fleire hus i planområdet dersom det hadde vore tilgjengelege tomter.

Med dei planlagde bustadfelte vil vi få ca. 40 nye bustadtomter. Dette kan verke til å vere mykje i ein planperiode. Men dette er bustadfelt som gjev høve for å etablere seg fleire stader i Oppstryn, og vår erfaring er at det ofte er ynskje om å bygge i den grenda ein er oppvaksen. Ved å legge ut så mange bustadtomter har vi teke i bruk det arealet vi ser føre oss er eigna til bustadtomter i området.

Gjennom tettstadprosjektet Hjelle har vi kome fram til at det kan etablerast inntil 10 nye tomter innafor dette området. I tillegg er det skissert moglegheiter for alternativ bruk av eksisterande bygningar ved å byggje leilegheiter i dei.

Dei nye områda vi har kome fram til ligg utanfor faresone for skred og flaum. Unnataket for dette er på Hjelle der det må gjerast tiltak for 4 av dei nye bustadane for at dei skal kunne byggast.

Gjennomgåande for heile planområdet er at det er vanskeleg å finne trygge bustadområde utan å ta i bruk dyrka mark. Dei ligg ikkje innafor kjerneområde for landbruk, men er delvis lagt på jordbruksareal som beite og overflatedyrka jord. I den grad det er teke i bruk fulldyrka jord er dette små lappar som er ekstensivt drive.

Oversikt over samla arealbruk m.v. går fram av tabell under:

Føremål	Område	Tal tomter	Areal totalt	Daa Fulldyrka	Overflatedyrka	Beite
Bustad	Flo B401	7	9,4		3	1
	Tunold B403	7	8,4		3	
	Sandvik Nord B404	2	10,7	6		6
	Sandvik Sør B405	4	14,2		3	
	Fosnes B408	5	5,9	4		
	Solbakken B413	12	20,3	11,3		9
	Hogane aust B425	3	14,9	4		5
	Hogane vest B426	3	18,4	2	1	
		43	102,2	27,3	10	21
Ferie/fritid/ reiseliv	Flo FT401	10	20,5	17,5	3	
	Veslebygda FT 402	7	7,9	7	0,9	
	Mindresunde F403	3	3,9			
	Meland FT405	11	12,9			
	Tunold F404	3	3,6	2		
		34	48,3	26	3	
Gang/ sykkelveg	Meland-Fosnes			22		
	Fosnes-Grande			30		
	Hjelle-Grov			15		
				65		

3.3. TETTSTADUTVIKLING

Oppstryn har ikkje eit tydeleg sentrum eller tettstad. Hjelle og Fosnes er likevel dei to stadane som har eit preg av ein tettstad. Handel og sørvis har frå gamalt av vore mest knytt til desse to stadane.

Tettstaden Hjelle har ekstra store utfordringar på grunn av topografi og lite tilgjengeleg areal. Moglegheita for å bygge nytt er avgrensa samstundes som det er mange tome hus. Det har difor vore behov for å sjå på korleis Hjelle sentrum kan utviklast for å gje rom for meir busetnad. Dette har mellom anna vore vurdert opp mot dei kulturminnefaglege verdiane som ligg i klyngetunet på Hjelle.

3RW sin rapport basert på «Tettstadsprosjekt på Hjelle» ligg i botn for dei vurderingane som er gjort og dei endringane som går fram av planomtalen. Hovudstrategien er at Hjelle sentrum skal utviklast for å gje rom for meir busetnad samstundes som estetiske og kulturfaglege kvalitetar på staden skal sikrast. Dette er tenkt kan skje ved fortetting av eksisterande bustadområde i tillegg til at dei store låvane sentralt i sentrum kan takast i bruk til bustadføre mål. Det er elles lagt vekt på at gatestruktur og siktlinjer mellom vegen og vatnet vert oppretthalde.

Målet er å ha tilstrekkeleg med føresegn i kommunedelplanen utan krav om reguleringsplan, for å fremje bustadbygging og etablering av andre element som fremjar attraktivitet på Hjelle.

3.4. FOLKEHELSE

Tilrettelegging som bidrar til auka fysisk aktivitet er positivt i eit folkehelseperspektiv. Samanhengande gang- og sykkelveg/ turveg frå Storesunde til Tangen på Grov er lagt inn i planframlegget, dette er nærmare omtala i kap. 3.7 Samferdsle. Nye bustadområde i planen ligg i tilknytning til eksisterande eller planlagd infrastruktur og elles god tilgang til naturområde, turdrag, friområde m.v.

3.5. NASJONALPARKLANDSBY

Ei av utfordringane i KDP Oppstryn var å tilrettelegge arealmessig for at Oppstryn (Fosnes-Hjelle-Folven) kunne etablere seg som Nasjonalparklandsby – ei patentert ordning med godkjenningssordning for tettstadar som grensar mot ein eller fleire nasjonalparker. Jostedalsbreen Nasjonalparksenter ville vore kjerneverdien i ein slik status. Det vert nasjonalt ikkje lagt opp til å utvide talet på tettstader med denne godkjenninga.

Likevel har kommunen sett det som viktig å styrke grunnlaget for Jostedalsbreen nasjonalparksenter. Det gjer vi gjennom å sikre framtidig areal for utviding av aktiviteten på senteret. I tillegg reknar vi etableringa av nye gang- og sykkelvegar som ei styrking av senteret, med høve til meir miljøvennleg transport lokalt i Oppstryn.

3.6. KLIMA

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 har lista opp 6 utfordringar for areal- og transportområdet i samfunnsplanlegginga. Det eine er auka gang og sykkelbruk, som også er omtala under punkt 3.5 Nasjonalparklandsby. KDP Oppstryn legg opp til at det skal byggast gang- og sykkelveg, delvis i kombinasjon med turveg, mellom Storesunde og Tangen på Grov.

Strekningar som allereide er på plass er gang og sykkelveg på Fosnes, og fylkesveg 720 frå Erdal til kryss mot rv 15. Løysing for gang- og sykkelveg vidare austover frå Folven langs Rv 15 er føresett løyst i kommunedelplan for ny tunnel på Strynefjellet.

Regional plan for klimaomstilling har også satt fokus på omsyn til arealplanlegginga sine verknader på menneskeskapte klimaendringar. Det same har Stryn kommune gjort i vårt prosjekt «Stryn aktiv og attraktiv 2030».

Konkret for KDP Oppstryn er det lagt inn i føresegnene at det skal vere klimavennleg oppvarmingsløysing for det største bustadfeltet i planområdet (Solbakken) og framlegg til disponering av eit kort fall i Videdøla til produksjon av klimavennleg energi for Stryn Sommarskiser.

3.7. SAMFERDSLE

Gang og sykkelvegen frå Storesunde til Buda i Hjelledalen er lagt inn i KDP Oppstryn. Dette er meir detaljert skildra i kapittel 3.6. Strekinga frå Meland til Betel i Hjelledalen er kome med i denne revisjonen. Kryssinga over sundet/soget mellom Storesunde og Mindresundre er endra frå tidlegare arealdel til å byggjast på eksisterande bru på Mindresunde, grunngeve i kostnader med tiltaket.

Utbetring av Rv 15 med ny tunell over Strynefjellet er ikkje teke omsyn til i planen. Arealbruk i forbindelse med dette vil bli avklart i eigen kommunedelplan, dette omfattar også område til massedeponi og riggområde.

3.8. FRITIDSBUSTADER

Det er i liten grad lagt opp til areal for bygging av fritidsbustader. Det er klare signal frå dei som er busette i området at areal som er trygt å bygge på må prioriterast til bustadhus. Det er berre lagt ut nye område til fritidsbusetnad i område der det frå før er hytter og der det er meir behov for fritidsbustader enn bustader samt at dette er eit ønskje frå grunneigar. Dette gjeld Veslebygda, Mindresunde og Tunold.

I Veslebygda er område for fritidsbustader kombinert med område og fritids- og turistføremål. Dette har samanheng med at det i området er nokre sjølveigde hytter frå før og det er planar om utleigehytter i same område.

Det er i tillegg lagt til rette for nye utleigehytter på Flo og Veslebygda samt utviding av campingplassen på Meland. Desse områda har føremål fritids- og turistføremål

3.9. LOKALT NÆRINGS LIV

Det er ikkje lagt inn nye næringsområde i planen. Utvidingsareal for Buda er vidareført frå gjeldande plan.

3.10. MASSETAK

Det er ikkje avsett areal til massetak i planen. Behov for areal til dette vil vere aktuelt i samband med utbetring av Rv 15 og må sikrast i eigen kommunedelplan for dette prosjektet.

3.11. FØREMÅL SOM ER TEKE UT AV PLANEN

Følgjande utbyggingsområde er teke ut i høve gjeldande plan, med ei kort grunngjeving i parantes:

- LNF-område for spredt hyttebygging Veslebygda (erstatta med fleire utbyggingsområde)
- LNF-område for spredt bustadbygging Veslebygda (erstatta med fleire utbyggingsområde)
- LNF-område for spredt hyttebygging Skår (ikkje realisert, potensiell skredfare)
- 3 område for fritidsbustader Tunold (erstatta av eit område for fritidsbustader og ei bustadområde)
- Bustadområde like aust for elva på Fosnes (flaumfare)
- LNF-område for spredt bustadbygging Erdal (skredfare)
- Naust Hjelle (friluftsliv)
- Forretning Odden på Hjelle (flaumfare)
- Hytte Odden på Hjelle (flaumfare)
- Område for utleigehytter Grov (skredfare)
- Idrettsområde Grov (mellombels motorsportanlegg, erstatta av område ved SMNP)
- 2 område for utleigehytter Vollsnes (skredfare)
- Utviding av Hjelle skule (flaumfare)
- Delvis område for fritidsbustader Vollsnes (skredfare)

3.12. MINDRE ENDRINGAR

3.12.1. ENDRINGAR SOM FØLGJE AV NY PLAN- OG BYGNINGSLOV

Gjeldande kommunedelplan stettar ikkje dagens krav til planutforming. Alle liner og flater er rekonstruert i samsvar med ny plan- og bygningslov og kart- og planforskrifta.

Dette har ført mellom anna til nye føremål og innarbeiding av omsynssoner:

- Nokre arealføremål har endra fargekoding
- Nokre område har endra føremål tilpassa nytt lovverk
- Eksisterande føremål blir teikna med svak farge, medan planlagde blir teikna med sterk farge (motsett i høve gjeldande planar)
- Innføring av omsynssoner: Sikringssoner, faresoner, sone med særlege omsyn (til dømes landbruk, friluftsliv, bevaring naturmiljø og bevaring kulturmiljø)
- Forskrifta gjev føringar for korleis områda bør tekstast, flatane skal ha bokstavkoding for føremål + løpenummer

3.12.2. PLANOPPDATERINGAR

Plangrunnlaget er oppdatert slik at det samsvarar med faktisk arealbruk som er vedteke gjennom reguleringsplanar, dispensasjonar og andre vedtak sidan førre arealdel vart utarbeidd.

Dei viktigaste endringane er følgjande:

- Reguleringsplanar/reguleringsendringar som er vedtekne etter 2006 er teke omsyn til i planframlegget.
- Ein har korrigert planframlegget i høve dispensasjonar som er gjevne frå kommuneplanen der ein har lagt til grunn i vedtaket at kommuneplanen skal justerast i høve dispensasjonen.

3.12.3. ANDRE JUSTERINGAR

Gjeldande plan blei utarbeida i mindre målestokk, noko som krev mindre justering og korrigeringar av arealføremåla:

- Planlinene er justerte i høve eksisterande situasjon, der det er heilt tydeleg at det er hensikta at ein i gjeldande plan skal følgje dette
- Der eigedomsgrenser har hatt betydning for plassering av planliner, er desse justert

I tillegg er vasskonturen kartlagt i betre målestokk sidan førre revisjon. Planlinene er oppdatert i samsvar med denne.

3.12.4. KOMMUNALE VEDTEKTER

I tråd med plan- og bygningslova skal tidlegare kommunale vedtekter leggjast inn som føresegner der dette er aktuelt. For Stryn kommune gjeld dette følgjande:

- Skilt- og reklamevedtekter, vedtekne av kommunestyret 25.04.1995
- Parkeringsvedtekter, vedtekne av kommunestyret 10.12.1996

4. KONSEKVENSGREIING MED ROS-ANALYSE

4.1. INNLEIING

Krav om konsekvensutgreiing er heimla i plan- og bygningslova § 4-2; "For regionale planar og kommuneplanar med retningslinjer eller rårer for framtidig utbygging og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planskildringa gje ei særskild vurdering og skildring – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn".

Kravet står også i forskrift om konsekvensutgreiingar. Kommunedelplanen fell inn under § 2 – Planar og tiltak som alltid skal handsamast etter forskrifta. KU forskrifta krev ei skildring av verknadene både av dei einiskilde utbyggingsområda kvar for seg, og dei samla arealbruksendringane i planen, jf. kap.5.

4.2. METODE

Kvart einiskild område der det er tilrådd ny arealbruk, blir presentert med kartutsnitt og relevante nøkkeldata. Konsekvensutgreiinga skil mellom vurdering av konsekvensar for miljø og for samfunn. I tillegg er det fylt ut ei ROS-sjekkliste, der funn er fanga opp av planframlegget.

4.2.1. VERDIVURDERING

Med verdivurdering meiner ein området sin noverande verdi utifrå eit gitt utgreiingstema. Verdivurderinga vert gjort etter ein tredelt skala, vist med 1 til 3 stjerner:

- * = Liten verdi
- ** = Middels verdi
- *** = Stor verdi

4.2.2. OMFANGSVURDERING

Vurdering av omfang/påverknad inneber å sjå kva endringar ny arealbruk vil føre til for området i forhold til 0 –alternativet (sannsynleg utvikling av området utan utbygging). Omfang av ei utbygging blir bestemt av kva verdier som blir råka av den aktuelle lokaliseringa og arealføremålet.

Omfangsvurderinga er vist med 1 til 3 stjerner:

- * = Lite omfang
- ** = Middels omfang
- *** = Stort omfang

4.2.3. KONSEKVENSVURDERING

Konsekvensane skal vurderast i høve til (tema vil variere ut i frå grad av aktualitet):


- naturmangfald, jf. naturmangfoldloven
- økosystemtenester
- nasjonalt og internasjonalt fastsett miljømål
- kulturminne og kulturmiljø
- friluftsliv
- landskap
- ureining (utslipp til luft, herunder klimagassutslipp, ureining av vann og grunn, samt støy)
- vassmiljø, jf. vassforskrifta
- jordressurser (jordvern) og viktige mineralressurser
- transportbehov, energiforbruk og energiløysingar

- beredskap og ulykkesrisiko
- verknader som følge av klimaendringar, herunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og skred
- befolkningens helse og helsens fordeling i befolkningen
- tilgjengelegheit for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett
- barn og unges oppvekstvilkår
- kriminalitetsførebygging
- arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.

For einskildområde som omfattar utbygging, skal det ved behov vurderast alternativ - slik som alternativ plassering, storleik eller avgrensing.

Konsekvensutgreiinga skal i utgangspunktet ta omsyn til tilgjengeleg kunnskap i kart, databaser og dokument. Ved særleg behov vil det bli henta inn nye data.

Konsekvensen av eit føreslått utbyggingsområde for eit gitt tema kjem fram ved å samanstillе vurderinga av området sin verdi med utbygginga sitt omfang. Konsekvensvurdering er vurdert utifrå ein femdelt skala:



Konsekvensvurderinga er, i tillegg til tekst, vist med følgjande farge:

Grønt: Stor positiv, middels positiv, liten/ingen konsekvens.

Gult: Middels negativ konsekvens.

Raudt: Stor negativ konsekvens.

4.3. UTGREIINGSTEMA

Tabellen syner utgreiingstema som dei ulike tiltaka i kommunedelplanen skal vurderast i høve til. Dei fleste av desse vart fastsett i planprogrammet.

Type tiltak	Utgreiingstema												
	Naturmangfold	Viltinteresser	Fritidstiv/folkehelse	Landskap	Ureining	Landbruk	Kulturmiljø	Kulturminne og kulturminne	Transportbehov	Trafiktryggleik	Støy	Fiskeinteresser	Verna vassdrag
• Bustadområde	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
• Fritidsbustader	x	x	x	x		x	x					x	x
• Fritids- og turistføremål	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x	x
• Samferdsle	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
• Idrettsområde	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
• Andre byggeområde	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x

4.4. KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert etter ein firedelt skala:
Dårleg (D) – Middels (M)– God (G) – Svært god (S).

Type tiltak	Datakvalitet											
	Naturmangfold	Viltinteresser	Friluftsliv/folkelohelse	Landskap	Ureining	Landbruk	Kulturmiljø og kulturminne	Transportbehov	Trafikktryggleik	Støy	Fiskeinteresser	Verna vassdrag
Bustadområde												
Flo B401	M	M	G	G		G	M		M	M	G	S
Tunold B403	M	M	G	G		G	G		S	G	G	S
Sandvik B404	M	M	G	G		G	M		M	M	G	S
Sandvik B405	M	M	G	G		G	M		M	M	G	S
Fosnes B408	G	S	G	G		G	M		M	M	G	S
Solbakken B409	M	M	G	G		G	M		M	G	G	S
Hogane (Guddal) B425	G	M	G	M		G	G		M	M	G	S
Hogane (Guddal) B426	G	M	G	M		G	G		M	M	G	S
Fritidsbustader												
Mindresunde F403	M	D	M	G		G	S		M		G	S
Tunold F404	M	M	M	M		G	M		S	G	G	S
Fritids- og turistføremål												
Flo FT401	M	M	G	G		G	M		M		G	S
Veslebygda FT402	M	M	M	G		G	M		M		G	S
Meland FT405	M	M	G	G		G	D		G		M	S
Idrettsområde												
Tystigen ID403	M	G	S	M	S	M	D	M	G	G	M	S
Andre byggeområde												
Tystigen Småkraftverk E401	G	G	G	D	G	M	M		M	G	D	S
Kombinert bustad og fritids- og turistføremål												
Veslebygda KB401	M	M	M	G		G	M		M	G	D	S
Turveg/Gang- og sykkelveg												
Mindresunde-Storesunde	G	S	G	G	G	G	S	G	G	G	S	S
Meland-Fosnes	G	G	G	G	G	G	M	G	G	G	D	S
Fosnes-Grande	G	G	G	G	G	G	G	G	G	G	M	S
Hjelle-Grov	M	G	G	M	M	G	M	G	G	G	D	S

All type utbygging skal vurderast mot informasjon i eksisterande databaser, skriftleg litteratur og lokalkunnskap med tanke på konflikt. I tillegg til dei planane som er nent under kap. 1.3 Rammer for planarbeidet, viser tabellen under oversyn over kunnskap som er nytta.

Utgreiingstema	Datagrunnlag/kjelde
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> • Fuglar i Stryn – artsliste med kort omtale av Kjetil Mork, 1998. • Prioriterte artar og naturtypar i Naturbasen. • Supplerande naturtypekartlegging i Stryn kommune 2012. • Artsdatabanken. • Klassifisering av elver i Stryn kommune i 2007 basert på bunndyr. Rapport nr 147, Laboratoriet for Ferskvannsekologi og innlandsfiske, UiB. • Miljøvernleiar (muntleg kjelde).
Viltinteresser	<ul style="list-style-type: none"> • Villrein, inngrep og forstyrningar i Ottadalen villreinområde. Rapport 2/98 fylkesmannens miljøvernavdeling • Regional plan for Villrein i Ottadalsområdet 2013-2025. • Viltkart for Stryn kommune.
Friluftsliv og folkehelse	<ul style="list-style-type: none"> • Ny kartlegging av friluftslivområde gjennomført etter metode utvikla av Miljødirektoratet i 2018. • Planlaget (muntlege kjelder). • Forprosjekt «samhandling i lokalt folkehelsearbeid»
Landskap	<ul style="list-style-type: none"> • NIJOS. Prøvekartlegging av landskap. • Planlaget (muntlege kjelder)
Ureining	<ul style="list-style-type: none"> • Databasen «Forurenset grunn».
Verna vassdrag og vassressursforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> • Differansiert forvaltning av verna vassdrag. Tematisk kommunedelplan for Stryn kommune. • Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021.
Landbruk	<ul style="list-style-type: none"> • Kjerneområde for landbruk og kulturlandskap (2006) • Landbrukssjef (muntleg kjelde). • NIBIO Gardskart/Kilden
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Mitt kulturminne. Kommunedelplan for kulturminne Stryn kommune 2016. • Kulturminnesøk/Askeladden • Miljøstatus – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. • Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket, 2009-2012 • Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Strynkommune. SFDH Rapport nr 24
Transportbehov	<ul style="list-style-type: none"> • Planlaget (muntlege kjelder). • Energi- og miljøplan Stryn kommune 2009-2013. Brukarundersøking i Opstryn om arbeidsruter med kollektive transportmiddel.
Trafikktryggleik	<ul style="list-style-type: none"> • Teknisk sjef (muntleg kjelde).
Støy	<ul style="list-style-type: none"> • Planlaget (muntlege kjelder).
Støv	<ul style="list-style-type: none"> • Planlaget (muntlege kjelder).
Lukt	<ul style="list-style-type: none"> • Folk med god luktesans.
Fiskeinteresser	<ul style="list-style-type: none"> • Lakseregisteret – Miljødirektoratet • Miljøstatus – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Andre	<ul style="list-style-type: none"> • Karakterisering av grunnvannsforkomster i vassområde Stryn. Asplan Viak, 03.05.2008.

4.5. UTGREIINGAR I PLANOMRÅDET

4.5.1. TETTSTADSPROSJEKT PÅ HJELLE

Tettstadsutvikling og tilrettelegging for nye bustadar er eit viktig tema i planen. 3RW- arkitekter har på oppdrag frå Stryn kommune utarbeidd eit konsept for utvikling av «Hjelle sentrum», eit avgrensa område på Hjelle. Konseptet viser arkitektoniske løysingar med nye bu-einingar, fellesområde som tener eksisterande og ny busetnad, med utforming og tilpassing som tar vare på Hjelle sitt særpreg.

Eit av måla med prosjektet har vore å kunne konkretisere forslaga med tilhøyrande retningslinjer eller føresegner, utan krav om reguleringsplan, for å fremje bustadbygging og andre element som sikrar attraktiviteten på Hjelle.

4.5.2. GRØN ENERGI TIL TYSTIGEN

SINTEF energi er engasjert i å finne alternative energiløysingar til drift av Stryn sommarskisenter. I tillegg til SINTEF energi deltar Norges teknisk-naturvitenskapelige Universitet (NTNU) i nært samarbeid med Stryn Sommerski AS. Prosjektet skal få fram kostnader og miljøverknadar til eit ferdig prosjektert alternativt energiforsyningsssystem for Stryn Sommerski for å erstatte bruken av fossilt brensel.

4.5.3. KLIMAVENLEG AREALPLANLEGGING

For å kunne innarbeide gode klimaløysingar i arealplanlegginga har vi behov for ein ny metodikk tilpassa utfordringane i bygder og mindre tettstadar for klimavenlege løysingar. For å styrke kunnskapsgrunnlaget vårt og systematisere dette arbeidet, har vi med støtte frå «Klimasatsordninga» jobba saman med Vestlandsforskning for å få fram konkrete tiltak og ny kunnskap på området. Dette arbeidet blei ferdigstilt februar 2019.

4.6. KONSEKVEN舜UTGREIING AV PLANLAGTE BYGGEOMRÅDE

Følgjande område er konsekvensutgreidd (konsekvensutgreiinga med ROS-analyse er vedlagt):

- Flo: Fritids- og turistføremål FT401 og parkering
- Flo: Bustadområde B401
- Veslebygda: Kombinert føremål: Fritids- og turistføremål og bustader KB401
- Veslebygda: Fritids- og turistføremål FT402
- Mindresunde: Utviding av område til fritidsbustader F403
- Gang- og sykkelveg/turveg frå Storesunde til Mindresunde camping
- Meland: Utviding av område til fritids- og turistføremål FT405
- Gang- og sykkelveg frå Meland til Fosnes
- Tunold: Fritidsbustader F404
- Tunold: Bustadområde B403
- Sandvik nord - Bustadområde B404
- Sandvik sør - Bustadområde B405
- Fosnes - Bustadområde B408
- Solbakken - Bustadområde B413
- Gang- og sykkelveg frå Fosnes til Hjelle
- Gang- og sykkelveg frå Hjelle til Betel
- Tystigen - Utviding av idrettsområde ID403
- Tystigen – Småkraftverk E401
- Hogane aust (Guddal) – Bustadområde B425
- Hogane vest (Guddal) – Bustadområde B426

4.7. KONSEKVEN SAR AV PLANFRAMLEGGET

TEMA	SAMLA KONSEKVEN SAR
Naturmangfald	Av 20 nye tiltak i KDP Oppstryn er berre 4 forventa å kunne redusere naturmangfaldet. Det gjeld fyrst og fremst gang- og sykkelvegbygging i strandsona til Oppstrynsvatnet, men små marginar i høve avbøtande tiltak. Oppsummert vet konsekvensen vurdert som liten negativ .
Viltinteresser	Gang og sykkelvegen ved Mindresunde vil gje store negative konsekvensar for viltet – spesielt fuglelivet, og strekninga frå Meland til Fosnes middels store negative konsekvensar. Oppsummert vil viltet verte negativt berørt av einskildtiltak frå liten til middels grad .
Friluftsliv og folkehelse	Tilrettelegging for gang- og sykkelvegar gjennom det meste av Strynedalen er eit svært stort positivt tiltak for folkehelsa. Vi kan ikkje påvise at noko tiltak vil ha meir enn liten negativ konsekvens for friluftslivet. Oppsummert vurderer vi konsekvensen som stor positiv konsekvens.
Landskap	2 av tiltaka har store negative konsekvensar for landskapet, med lite høve til avbøtande tiltak. 3 tiltak har middels negativ konsekvens. Totalt sett vert planframlegget vurdert til å ha middels til liten negativ konsekvens.
Ureining og klimapåverknad	Tilrettelegging for auka gang og sykling, slik denne planen legg opp til i stor stil, vil ha forventa stor positiv konsekvens. Dette gjeld både i høve ureining av biltrafikk til luft, og verknaden i høve menneskeskapte klimaendringar. Tilrettelegging for bustadbygging som medfører meir transportbehov har også den motsette verknaden, men alt i alt veg dette ikkje opp dei positive verknadane. Oppsummert gjev alle tiltaka til saman ein middels stor positiv konsekvens.
Landbruk	Planområdet er prega av mykje jordbruksareal i dei folkesette områda. I tillegg er store område rasutsette eller ligg innafor flaumsoner. Det inneber at forholdsvis mykje jordbruksareal vil bli nedbygt ved gjennomføring av planen. Vi har lagt vekt på å prøve å unngå jordbruksareal, men det har ikkje vore råd å kome utanom. Spesielt vil gang- og sykkelvegar gå ut over landbruksareal. Til bustadområde er det i liten grad foreslege bruk av særskildt verdifult jordbruksareal eller areal innafor kjerneområde landbruk. Samla gjev tiltaka middels til stor negativ konsekvens for landbruk.
Kulturminne og kulturmiljø	Berre eitt tiltak; g-/s-vegen forbi Mindresunde, berører kulturminne på ein stor negativ måte. Fire andre tiltak berører kulturminne på ein middels stor negativ måte. Alt i alt gjev planen liten til middels negativ konsekvens i høve kulturminne.
Transportbehov	Nesten alle tiltak i planen medfører ingen eller store positive konsekvensar i høve transportbehov. Gang- og sykkelvegane er den positive bidragsytaren til å redusere transportbehovet med bil. Oppsummert gjev tiltaka middels stor positiv konsekvens i høve transportbehov.
Trafikktryggleik	Gang- og sykkelvegane som er planlagde vil vere ein solid bidragsytar til auka trafiksikkerheit gjennom heile dalen. Likevel medfører planen auka trafikkbelastning på ein del avkjørsler som gjev stor til middels negativ konsekvens. Oppsummert gjev planframlegget middels stor positiv konsekvens .
Støy	Planen inneheld 9 tiltak der bustader eller fritidsbustader i varierende grad vert berørt negativt av udokumentert vegtrafikkstøy. Eitt bustadfelt er berørt av skytebanestøy, der støyskjerming er eit aktuelt tiltak. Oppsummert gjev tiltaka middels negative konsekvensar i høve støy.
Fiskeinteresser	19 av 20 tiltak gjev ein forventa konsekvens i høve fiskeinteressene som er liten

	negativ eller ikkje aktuell. Oppsummert gjev dette liten negativ konsekvens.
Verna vassdrag	Dei einaste tiltaka som medfører middels stor negativ konsekvens for verna vassdrag er bygging av gang- og sykkelveg. Desse tiltaka medfører ny utfylling, dels i vatnet, på ei strekning der det er gjort mange strandnære inngrep frå før. Oppsummert gjev framlegget til plan liten til middels negativ konsekvens for verna vassdrag.

4.8. VURDERINGAR I HØVE NATURMANGFALDLOVA

Planframlegget er vurdert i høve Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) fagleg vurdert av kommunalt tilsatte med bakgrunn i faget. Det er planlagt relativt få tiltak i denne oversiktsplanen for Oppstryn, og vi har ikkje funne grunn for å setje i verk ny kartlegging for å styrke kunnskapsgrunnlaget i nokon av dei 15 tiltaksområda.


Kunnskapsgrunnlaget er middels godt eller godt for dei fleste miljøaspekt vi har vald å vurdere i konsekvensutgreiinga. Når det gjeld naturmangfold er eit middels godt nivå for kunnskapsgrunnlaget ikkje godt nok i nasjonal samanheng. For friluftsliv derimot har vi gjennomført ei kartlegging i heile kommunen som held høg fagleg kvalitet. For viltinteressene er det gjennomført kartlegging i heile kommunen i to tidsfaser, men materialet er i ferd med å verte forelda. Vurderinga av kunnskapsgrunnlaget for viltinteressene er basert på data frå artsdatabanken, tidlegare kartlegging og egne registreringar av kommunalt tilsette.

Føre-var-prinsippet i § 9 trer inn der kunnskapsgrunnlaget er dårleg. Ikkje for nokon av dei 15 områda det er planlagt ny utbygging har vi funne grunnlag for at vi må gjennomføre nykartlegging. Ny kartlegging for fleire miljøverninteresser må gjennomførast for dei tre parsellane for ny gang- og sykkelveg langs Rv 15, men dette må uansett gjerast på detaljplannivå ved utarbeiding av reguleringsplan. Oversiktsplanen tek ikkje stilling til kva side av bilvegen gang- og sykkelvegen skal gå. Vi har ikkje grunnlag for å forvente vesentleg negative verknader på miljø- og samfunn av dei planendringar som er tilrådd i dei område der kunnskapsgrunnlaget er dårleg.

§ 10 i Naturmangfaldlova seier at planlagde inngrep skal vurderast i høve den samla belastninga på økosystemet. Ein fellesnemnar for alle tiltak, er at belastninga på økosystema i dei fleste områda vil skje på areal som frå før har inngrep. Overflatedyrka mark vert bebygd med bustadfelt der det frå før ligg spreidde bustader og gang- og sykkelveg vert bygd på eksisterande vegfyllingar langs eksisterande hovudveg. Trass i dette må konsekvensutgreiinga for detaljplanen for gang- og sykkelveg mellom Mindresunde og Folven ta ei vurdering av den samla belastninga på økosystemet i vassmiljøet i Oppstrynsvatnet. Her vil ganske store areal av dei sparsomt representerte gruntvassområda verte overfylt av masser. Dette vil ha konsekvensar både for fisk og fugl.

§ 11 i Naturmangfaldlova seier at «kostnadane med miljøforringelse skal bærast av tiltakshaver». Prinsippet kjem ikkje til bruk i føreliggande plan.

§ 12 i Naturmangfaldlova om miljøforsvarlege teknikkar. Prinsippet kjem ikkje til bruk i føreliggande plan.



STRYN KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN FOR OPPSTRYN

FØRESEGNER OG RETNINGSLINER

Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk, og er heimla i lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71 (Plan- og bygningslova – PBL).

Føresegnene er sett i ramme, der heimelen står i parantes bak overskrifta. Føresegnene inneheld både generelle føresegner som gjeld for fleire område og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet eller omsynssone.

Resten av teksten er retningslinjer, og er av forklarande og rettleiande karakter, som skal leggjast til grunn ved vidare planlegging og sakshandsaming.

Arealføremål i kommunedelplanen:

- Bygningar og anlegg (PBL § 11-7 nr.1)
 - Bustader
 - Fritidsbustader
 - Forretningar
 - Offentleg eller privat tenesteyting
 - Fritids- og turistføremål
 - Råstoffutvinning
 - Næringsbygningar
 - Idrettsanlegg
 - Andre typar bygningar og anlegg
 - Grav- og urnelund
 - Kombinerte byggje- og anleggsføremål
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 11-7 nr.2)
 - Veg
 - Parkering
- Grøntstruktur (PBL § 11-7 nr.3)
 - Grøntstruktur
 - Turdrag
 - Friområde
- Landbruks-, natur- og friluftsføremål (PBL § 11-7 nr.5)
 - LNF areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden
- Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 11-7 nr. 6)
 - Bruk og vern av sjø og vassdrag
 - Ferdsel
 - Småbåthamn
 - Friluftsområde

Omsynssoner i kommunedelplanen:

- Sikringszone (PBL § 11-8 a):
 - Nedslagsfelt drikkevann

- Faresoner (PBL § 11-8 a):
 - Ras- og skredfare
 - Flaumfare
 - Høgspenningsanlegg
 - Anna fare (ureina grunn)

- Sone med særlege omsyn (PBL § 11-8 c):
 - Omsyn landbruk
 - Omsyn friluftsliv
 - Bevaring naturmiljø
 - Bevaring kulturmiljø

- Bandleggingssone (PBL § 11-8 d):
 - Bandlegging etter lov om naturvern
 - Bandlegging etter lov om kulturminner

Område med føresegn i kommunedelplanen (PBL § 11-9):

- Mellombels anleggsområde (Veslebygda-Flo)
- Forbod mot nye fritidsbustader (Hjelle)

Gjeldande reguleringsplanar:

Arealbruken er i kommunedelplanen synt på generalisert nivå. Dette vil til dømes bety at mindre område regulert til grønstruktur innanfor eit bustadområde ikkje blir vist i kommunedelplanen.

Tidlegare godkjende reguleringsplanar skal framleis gjelde så langt dei ikkje er i strid med kommunedelplanen. Gjeldande reguleringsplanar innanfor kommunedelplanen er følgjande:

Plannamn	Vedteken + endring
2014005 Fv 722 Veslebygda-Flo. Skredsikring	19.12.2017
2010014 Samla plan for hyttefelt i Veslebygda gbnr 5/4 og 2006005 Nestun hyttefelt gbnr 5/20	30.08.2010
2009018 Nestun hyttefelt gbnr 5/20, Veslebygda	02.03.2010 (kun føresegner er gjeldande)
2005004 Dispaholmen	14.10.2005 + endring 18.01.2011 (justert bru over elv)
1994003 Meland Sag og Høvleri - utvidingsareal	06.07.1994
2002003 Sandvik/Fosnes	05.11.2002
1996008 Fosnes, omregulering	30.04.1996 + endring 20.06.06 (makebyte) + dispensasjon 22.04.08 (frå forretning/hotell til bustadføre mål) + dispensasjon 31.01.17 (oppføring av garasje i føremål forretning/hotell)
1991005 Fosnes	19.12.1991
1993005 Erdal, tunnelpåhogg	02.07.1993
2005014 Hjelle, reguleringsendring	15.03.2005
20000007 Hjellebakkane, reguleringsendring	18.12.2000 + endring 26.02.2001 (endring tomtegrense og omregulering frå bustad til jordbruk) + dispensasjon 22.03.11 (omregulering frå jordbruk til bustad)
2017002 Reguleringsendring Hjellebakkane - utviding	18.09.2018
1993007 Mykjedalane	02.07.1993
1993006 Hjelleøyane, tunnelpåhogg	02.07.1993
1995006 Riksveg 15 Grov-Hjelleøyane	20.12.1995
1997004 Riksveg 15 Grov-Hjelleøyane, utviding	11.11.1997
2013003 Videfossen utkikkspunkt	19.06.2018 (vedtatt plan med utsatt rettsvirkning)
1996002 Tystigen	19.03.1996
2001001 Vollsnes Feriehus	02.10.2001 + dispensasjon 05.06.18 (føresegner)
2000001 Segestad	03.04.2000

GENERELLE FØRESEGNER

1 Plankrav (PBL § 11-9 nr. 8)

Krav om reguleringsplan står under dei einstilte arealbruksføremåla.

Til fyrste gongs handsaming av alle reguleringsplanar er det krav om VA-rammeplan. Planen skal syne prinsipppløysing for vatn og avløp i området samt samanheng med eksisterande system. Overvasshandtering og alternative flaumveggar skal synast i rammeplanen.

2 Krav til infrastruktur (PBL § 11-9 nr. 3)

Det kan krevjast tilknytingsplikt til offentleg vatn og avlaup for bustader og fritidsbustader.

3 Byggjegrænse mot vassdrag (PBL § 11-9 nr. 5 og 11-11 nr. 5)

Byggjegrænse mot vassdrag er i samsvar med PBL §1-8 om ikkje anna er fastsett i reguleringsplan, eller er omfatta av unntaksreglane i LNF-områda. Forbodet skal ikkje vere til hinder for eksisterande byggjeområde og bygningar. For eksisterande regulerte eller avsette byggjeområde går byggjegrænsa i gjeldande føremålsgrænser. Utviding av eksisterande bygningar i etablerte byggjeområde som ligg i vassdragsbeltet skal skje i retning vekk frå vassdraget.

Bygging er ikkje tillate i ei buffersone på 20 meter til kvar side av elver/bekkar med årviss vannføring.

Under marin grænse skal eventuell fare for kvikkleireskred vurderast. I områder der leire blir påvist vert det stilt krav om sakkyndig geoteknisk undersøking før eventuell utbygging kan skje.

4 Parkering (PBL § 11-9 nr. 5)

Innanfor planområdet gjeld følgjande krav til parkeringsplassar:

Bustadbygg:	2 bilar pr bueining
Fritidsbustader:	1 bil pr bueining
Hybelbygg:	1 bil pr bueining
Forretningsbygg, kontor	1 bil pr 50 m ² brutto golvflate I tillegg kjem naudsynt lasteareal for laste- og varebilar etter sektorutvalet for tekniske saker sitt skjøn.
Industri, verkstad- og lagerbygg	1 bil pr 100 m ² brutto golvflate
Bilverkstad og servicestasjon	3 bilar pr 100 m ² brutto golvflate I tillegg kjem naudsynt lasteareal for laste- og varebilar etter sektorutvalet for tekniske saker sitt skjøn.

Hotell:	⅔ bilar pr rom Ungdomsherberge og liknande bygg med mindre krav til parkering, skal ha parkeringsplassar for bilar etter for tekniske saker sitt skjønn
Restaurantar/kafear:	1 bil pr 8 sitjeplassar
Skular:	1 bil pr tilsett
Forsamlingslokale:	Fastsettast etter sektorutvalet for tekniske saker sitt skjønn, men ikkje mindre enn 1 plass pr 30 sitjeplassar, og ikkje meir enn 1 biloppstillingsplass pr 10 sitjeplassar.
Andre bygg og anlegg:	Oppstillingsplassar for bilar etter sektorutvalet for tekniske saker sitt skjønn
Bustader i forretningsbygg, kontorbygg:	1 bil pr bustad ½ bil pr hybel
Lagerdel i forretningsbygg:	Blir vurdert som industri- verkstad- lagerbygg
Bruksendring av lagerlokale:	Krav om auke av oppstillingsplassar for bil.

Ombygging:

Hovudombygging eller delvis ombygging krev ikkje fleire biloppstillingsplassar etter punkta ovanfor dersom bygget etter ombyggingsarbeidet samla sett framleis skal nyttast til same føremålet som tidlegare.

Bruksendring:

Skal bygning, eller del av denne, etter hovudombygging eller delvis ombygging nyttast til anna føremål enn tidlegare, må det sikrast areal for nye biloppstillingsplassar dersom det nye bruksføremålet etter punkta ovanfor gjer det naudsynt med fleire biloppstillingsplassar enn det tidlegare bruksføremålet. Talet på nye oppstillingsplassar skal setjast til differansen mellom det tal plassar som etter punkta ovanfor blir kravt for nytt føremål og kravet etter tidlegare bruksføremål.

Frikjøp:

Sektorutvalet for tekniske saker kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal blir innbetalt ein sum pr. manglande plass til kommunen for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunestyret vedtek kva satsar som skal gjelde. Den vedtekne summen skal vere betalt inn før byggearbeidet tek til.

Frikjøpsgebyret skal regulerast årleg etter Statistisk sentralbyrå sin byggjekostnadsindeks. Dessutan skal kommunestyret vurdere frikjøpsgebyret kvart 5. år.

Det skal opprettast eit kommunalt parkeringsfond av dei innbetalte gebyra for manglande parkeringsplassar. Fondet skal kun nyttast til bygging av nye parkeringsanlegg i Stryn sentrum.

5 Skilt og reklame (PBL § 11-9 nr. 5)

Innafor planområdet må skilt, reklameinnretningar og liknande ikkje plasserast utan at kommunen har gjeve løyve etter søknad. Løyve kan berre gjevast inntil vidare, eller for eit bestemt tidsrom.

Skilt og reklameinnretning

Skilt og reklame skal ha moderate storleikar, utforming og fargar, og skal harmonere med bygget og miljøet det står i. Blinkande eller rørlege skilt/reklameinnretningar vert ikkje tillate. Skilt og reklameinnretningar skal ikkje verke skjemma i seg sjølv, eller i høve til omgjevnadane, eller på annan måte verke generande.

Lyskasser

Skilt og reklame i form av lyskasser skal ikkje nyttast. Lyskasser kan likevel tillast plassert i område som er regulert til nærings- og industriføremål, dersom dei er utført med tett front, slik at berre tekst og symbol er gjennomlyst.

Skiltstorleikar

Skilt skal ikkje dekke meir enn $\frac{1}{4}$ av bygget sin horisontale fasadelengde eller ein rimeleg del av fasaden som verksemda har til rådvelde. Uthengsskilt skal ikkje ha større breidde enn 1 meter, og skal ha fri høgde over veg/fortau på minst 2,30 m. På freda eller verneverdige bygg eller miljø, skal maksimum skiltstorleik vera 0,6 m. Løyve vert ikkje kravd for skilt, reklame og liknande som er under 1,5 m² og vert sett opp på byggverk eller innhegning (gjerde).

Samling/plassering

I næringsbygg som inneheld fleire verksemder, skal firmaskilt samlast på ei oppslagstavle. Denne kan t.d. vera frittstående. Verksemder i lokale med fasadar langs fortau eller gate med eigen inngang, kan ha egne skilt. Tal skilt kan aukast dersom verksemda har til rådvelde fleire fasadar på eigedomens langs fortau eller gate, og der det er naturleg at det blir sett opp skilt også mot desse. Skilt skal som hovudregel plasserast ved inngangar.

Tak/gesims

Skilt og reklameinnretningar skal plasserast på baldakin, på veggflater, eller i tilknytning til bygget. Skilt vert ikkje tillate plassert på møne, takflater eller utbygg. Skilt eller reklameinnretning vert heller ikkje tillate plassert på stolpar eller gjerde.

Frittstående skilt

I Stryn sentrum vert frittstående skilt og reklameinnretningar ikkje tillate, utanom spesielt utforma skilt som er tilpassa tettstadmiljøet elles.

Markiser

Skilt og reklame på markiser, faste solskjermar (baldakin) og tilsvarende fasadeelement, kan søkjast godkjent under føresetnad av at skiltet/reklamen er ein del av bygget og tilpassa dette. Til vanleg skal markiser og solskjerming avgrensast til vindaugsopningar og storleiken på desse.

6 Miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap, grønstruktur og kulturminne (PBL § 11-9 nr. 5, 6 og 7, § 11-11 nr. 3 og 5)

Retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, skal legges til grunn i alle nye planar og handsaming av einskildsakar og tiltak i medhald av gjeldande reguleringsplanar.

Nye fyllingar i vatnet skal i størst mogleg grad unngå areal av naturleg strand. Fyllingane som ikkje vert avslutta med mur skal plastrast i maksimalt 45 graders helling. Fyllingssoner skal brytast opp for å unngå rette liner. Det skal nyttast duk (siltgardin) ved fylling i vatnet.

I samband med utbygging av areal med matjord, skal denne takast av og lagrast på ein slik måte at matjorda seinare kan nyttast som vekstmedium. Før det vert gjeve løyve til oppstart skal det føreliggje ein plan for korleis matjorda vert teke vare på.

I tråd med forvaltningsplanen for verna vassdrag skal det leggest vekt på å bevare viktige friluftsområde, naturførekomster, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar i tilknytning til elva ved å bevare kantvegetasjon og unngå utfylling i elva og bygging for nær elva.

Tiltak skal ikkje føre til spreiding av svartelista planteartar.

Turvegar skal tilpassast landskapet. Tilkomst via turdrag og snarveggar til og innanfor bustadområde skal ivaretakast i regulerings-, dele-, og byggesaker. Turveg i LNF-område skal ikkje vere til hinder for landbruksdrift, samtidig skal drifta ikkje hindre tilkomst og bruk av turvegen.

Ved plassering av nye bygningar skal ein unngå øydelegging av viktige element i kulturlandskapet som steinmurar m.v.

Ein skal ta vare på gamle ferdselsveggar. Ved restaurering av desse skal ein ikkje bruke anna materiale enn det som finnast i nærområdet.

Før ombygging eller riving av eldre SEFRAK-registrerte bygningar vert avgjort, skal det hentast inn fråsegn frå antikvarisk styresmakt (fylkeskommunen). I alle bygningar eldre enn 1930 skal fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt få høve til å uttale seg med omsyn til restaurering av tak, kledning, fasademateriale og vindauge.

FØRESEGNER OG RETNINGSLINER FOR EINSKILDE OMRÅDE

7 Bygningar og anlegg

A. Bustader (PBL § 11-9 nr. 1, 3, 4, 5, 6, 7 og 8, § 11-10 nr. 1 og 2)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til heilårsbustadar med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og fellesareal. Omfattar eksisterande og planlagde bustadområde B401-B427. Føresegna gjeld også for dei kombinerte føremåla, der bustader er eit av føremåla.

Det er krav om detaljregulering for bustadområde B401, B403, B408, B413, B426. Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådelling til slike føremål, ikkje kan finna stad før området inngår i ein reguleringsplan.

Det er ikkje krav om detaljregulering bustadområda B404, B405 og B425, men ein situasjonsplan i samband med byggjesøknadane.

I eksisterande bustadområde som er heilt eller delvis utbygd kan det gjevast løyve til nye byggetiltak, som fortetting av området, utan regulering. Dette gjeld dersom nye bygg kan nytte seg av eksisterande infrastruktur og transportsystem og ikkje kjem i konflikt med andre føresegner eller rører ved nasjonale eller regionale interesser.

For bustadområde B417 på Hjelle kan det, i tillegg til tomter som alt er frådelt/regulert, fortettast med nye bustader utan at det blir kravd reguleringsplan. Plassering av desse skal skje i tråd med tettstadsprosjektet for Hjelle. Ein mindre utleigedel i bygga er tillate. Bygg som går over eksisterande byggehøgder eller som får silhuettverknad sett i frå neset blir ikkje tillate. Garasje/uthus kan godkjennast på tomta med grunnflate på inntil 50 m² og i ei høgde.

Nybygg skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med sin funksjon, og tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, terreng/vegetasjon og tilgrensande bygg ved plassering, utnyttingsgrad, volum, takform, material- og fargeval. Det skal ikkje byggjast på høgaste punkt innanfor B403 på Tunold. Alle nybygg skal ha livsløpstandard og vere universelt utforma.

Det blir opna for bruksendring til bustad for dei eksisterande tre store låvane innanfor B417 på Hjelle utan at det blir kravd reguleringsplan, dersom dette er i tråd med vilkåra, jf. omsynssone H570_19.

Ved eventuell riving av ein av låvane innanfor B417 og oppbygging av nytt bygg blir det kravd full reguleringsplan for å sikre mest mogleg tenleg utnytting av tomta. Det vert kravd felles planlegging for eit område som minimum inkluderer alle dei tre låvane.

Innanfor tettstadane Hjelle og Fosnes, inkludert bustadområde B413, skal tomter til einebustader ikkje vere større enn 600 m². Storleiken på tomter til einebustader elles i planområdet skal ikkje vere større enn 900 m².

Utnyttingsgraden av bustadområde B402 på Meland er auka til 20 %.

Det er krav om etablering av trafikksikker tilkomst fram til bustadområde B425 og B426 før desse områda blir teke i bruk.

For bustadområde B413 blir det kravd dokumentasjon frå fagkompetent instans om at området tilfredstiller sikkerheitssone S2.

For bustadområde B413 er det krav om at energikjelda skal vere vassboren varme.

Ved bygging av bustader innanfor den søraustlege delen av B417 som i dag ligg innanfor sikkerheitssone S1, må det i byggjesøknaden dokumenterast at avbøtande tiltak gjer at bygg klasse S2 kan byggast.

Alle nye bustadområde skal ha tilfredstillande leikeareal etter gjeldande normer, og skal vere opparbeidd før bustadområdet vert teke i bruk. Leikeareala skal vere store nok og eigna for leik og opphald heile året. Leikeplassane skal vere sentralt plasserte i høve til flest mogleg bustader og i høve til andre grøntområde i nærleiken.

Kloakkløysing, vassforsyning og vegtilkomst skal vere godkjent før bygging setjast i gang.

Ein skal ta vare på stiar/snarvegar i nærmiljøet, strandsone til bekkar og elvar, spesielle kulturlandskap og område med spesielt dyreliv.

B. Fritidsbustader (PBL § 11-9 nr. 3, 4, 5, 6 og 7, § 11-10 nr. 1 og 2)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til fritidsbustadar med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal. Omfattar eksisterande og planlagde område for fritidsbustader F401-F406. Føresegna gjeld også for dei kombinerte føremåla, der fritidsbustader er eit av føremåla.

Det er ikkje krav om detaljregulering for område F403 og F404, men ein situasjonsplan i samband med byggjesøknadane. Tomter til fritidsbustader skal ikkje vere større enn 500 m².

Kloakkløysing, vassforsyning og vegtilkomst skal vere godkjent før bygging setjast i gang.

Nybygg skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med sin funksjon, og tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, terreng/vegetasjon og tilgrensande bygg ved plassering, utnyttingsgrad, volum, takform, material- og fargeval.

Ein skal ta vare på stiar/snarvegar i nærmiljøet, strandsone til bekkar og elvar, spesielle kulturlandskap og område med spesielt dyreliv.

C. Forretning (PBL § 11-9 nr. 5)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til forretning. Omfattar FO101 (Nasjonalparksenteret), FO402 (område på Fosnes), FO403 (lokalbutikken Buda) og FO404 (Stryn sommarski). Føresegna gjeld også for dei kombinerte føremåla, der forretning er eit av føremåla.

Område FO402 kan berre omdisponerast frå landbruk dersom det er behov for ei utviding av Nasjonalparksenteret. Området skal utnyttast intensivt dersom det blir teke i bruk til forretning.

D. Offentleg eller privat tenesteyting

Føremålet gjeld område sett av til privat eller offentleg tenesteyting med tilhøyrande vegar og anlegg. Omfattar T401 (Trudvang), T402 (Betel) og T403 (Oppstryn skule).

E. Fritids- og turistføremål (PBL § 11-9 nr. 5 og 6, § 11-10 nr. 1 og 2)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til fritids- og turistføremål med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og fellesareal. Omfattar område FT401-FT413. Føresegna gjeld også for dei kombinerte føremåla, der fritids- og turistføremål er eit av føremåla.

Innanfor føremålet kan arealet nyttast til oppstilling av campingvogner, bubilar, utleiehytter og telt samt faste konstruksjonar knytt til vognene, servicefunksjonar og fellesareal.

Det er ikkje krav om reguleringsplan for område sett av til fritids- og turistføremål i kommuneplanen. Dette gjeld både for eksisterande og nye område. Tilhøvet til automatisk freda kulturminner må då vere avklara, jf. § 8 og 9 i kulturminnelova. Dette gjeld også tilhøvet til risiko og sårbarheit.

Det er krav om ein situasjonsplan i samband med byggjesøknadane for område FT401, FT402, FT405 og FT406. Byggjesøknaden skal dokumentere at det er tilstrekkeleg sløkkjevavn for tiltaket.

Oppstillingsområda for campingeiningane skal vere på maksimalt 1000 m² grunnareal kvar og ha minst eit 6 meter breitt ope felt mellom dei (brangater). Hensikta er å hindre brannspreiing og sikre tilgjenge for brannvesenet.

Mobile konstruksjonar må skiljast med ein avstand som er i samsvar med rettleiaren for gjeldande forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn. Trekkordninga skal vere plassert slik at den er lett tilgjengeleg. Bil utan overnattingsseining kan plasserast i mellomrommet mellom campingeiningane.

Faste konstruksjonar, der ein ikkje kan dokumentere branncellebegrensande bygningsdel EI-30 til neste campingeining, skal ha 8 meter avstand til neste eining. Unntak frå dette er der to campingeininger står samla med ein innbyrdes avstand minimum 3 meter, med 8 meter/EI-30 til neste eining. Campingvognene skal vere registrerbare, og kunne fraktast lovleg på veg med førarført klasse BE.

Det er ikkje tillate med «spikertelt»/trefortelt, frittståande boder eller terrassar i tilknytning til campingeiningane.

Fortelt (av teltduk eller prefabrikkerte elementbygg) skal stå langsmed vogna, vere maksimalt 4 meter brei, ikkje lengre enn vogna og vere lik vogna i høgd.

Det kan byggjast rekkverk inntil 0,9 meter høg og/eller levegg inntil 1,8 meter høg og 6 meter lang.

Ei campingeining skal ha eit heilskapleg farge- og materialval slik at ho står fram som ei eining.

Ein skal ta vare på eksisterande turvegar, då særleg dei av stor verdi som går gjennom FT404 og FT405 (Meland) og FT413 (Glomnes). Ein skal også ta omsyn til den framtidige turvegen på FT403 (Mindresunde), slik at det ikkje blir gjort tiltak som gjer at denne ikkje kan etablerast.

G. Råstoffutvinning (PBL § 11-9 nr. 1, 5, 6 og 8)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til råstoffutvinning med tilhøyrande vegar, bygningar og anlegg. Omfattar eksisterande i Vallsnosa, R401.

For område avsett til råstoffutvinning/massetak eller vesentleg utviding av eksisterande uttak kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i plan- og bygningslova kap. 20, eller gjennomførast frådelling til slike føremål, utan godkjend reguleringsplan.

Det er også krav om driftskonsesjon med driftsplan godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal skildra omfanget massetaket skal ha, korleis massetaket etappevis skal utnyttast og korleis det skal avsluttast. Driftsplanen skal i tillegg omfatte ein plan for overvasshandtering, både i driftsfasen og for etterbruk. Plan for overvasshandtering skal godkjennast av kommunen før igangsettingsløyve vert gitt. Det skal etablerast naudsynt fordrøyning og rensing (sedimenteringsdam) av all avrenning frå driftsområdet.

Massetak R401 kan nyttast som mellomlager for lausmasser eller skotstein.

H. Næringsbygningar (PBL § 11-9 nr. 5, 6 og 7)

Føremålet gjeld område sett av til næringsverksemd med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Omfattar eksisterande næringsområde N401 (Meland sag og høvleri), N402 (industri/sagbruk Fosnes), N403 (industri/lager Fosnes), N404 (Hjelle Hotel) og N405 (Hotel Videseter). Føresegna gjeld også for dei kombinerte føremåla, der næring er eit av føremåla.

Ved nybygg, ombygging og tilbygg skal bygga få ei utforming og ein materialbruk som harmonerer med kringliggande bygg. Utforming av både bygg og uteområde skal følgje prinsippa om universell utforming dersom dette er mogleg.

Bygningar skal vere fullverdige og permanente, og ikkje ha preg av mellombelse løysingar som plashall, brakker og liknande. Utelagring skal avgrensast til eit minimum, og skal gjerast på ein ryddig og tiltalande måte. Areal som får dekke av grus/asfalt skal ikkje gjerast større enn naudsynt. Restareal skal plantast til for å unngå store ubrukte grå flater.

I. Idrettsanlegg (PBL § 11-9 nr. 5 og 6)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til idrettsanlegg med tilhøyrande vegar, bygningar og anlegg. Omfattar ID401 (skytebane Fosnes), ID402 (Tystigbreen), ID403 (utviding Tystigbreen).

På Tystigbreen (ID402 og ID403) skal kommunen gjennomføre forsøk med catskiing i ei periode fram til 2024. Løypetraséane er vist i plankartet, jf. forskrift i medhald av Lov om motorisert ferdsel i utmark § 4 a som bestemmer bruken av desse løypene.

Det er tillatt å føre opp mellombelse bygningar knytt til drifta av Stryn sommarski innanfor ID402 og ID403. Plassering og utforming av desse skal handsamast av Stryn kommune.

J. Andre typar bygningar og anlegg (PBL § 11-9 nr. 5 og 6, § 11-10 nr. 1 og 2)

Føremålet gjeld andre typar bygningar og anlegg. Omfattar følgjande:

- Naust; NA401-NA406
- Planlagd vasskraftverk ved Stryn sommarski; E401
- Kommunaltekniske anlegg og anna infrastruktur (ikkje namnsett på plankartet)

Nye bygg i naustområda skal tilpasse seg det etablerte naustmiljøet, både i høgde, form, materialval og fargevalør. Plassering av naust og tilhøyrande anlegg skal ikkje hindre fri ferdsel i strandsona. Terrenngrep skal avgrensast til det som er nødvendig for plassering av naustet. Nausta skal nyttast til lager/oppbevaring av båt og fiskeutstyr. Det er forbod mot å innreie nausta til varig opphald/overnatting.

Innanfor NA405 kan det byggjast inntil 5 nye naust. Vedlagt byggjesøknad skal det vere landskapsplan og perspektiv som viser plassering av alle fem nausta. Nausta skal berre ha ei høgde, utan hems, og ha saltak. Møneretning skal vere med gavil mot vatnet. Det er høve til å bygge fellesnaust for til dømes kajakk eller tilsvarende små farkostar/utstyr. Nausta skal ha varierende mønehøgde målt etter kote.

Innanfor NA405 skal einskildnaust ha maks 36 m² grunnflate og ei mønehøgde som ikkje overstig mønehøgde på etablerte naust med meir enn 0,5 meter. Fellesnaust kan ha ei grunnflate på inntil 60 m² og ei mønehøgde kan overstige mønehøgde på etablerte naust med maks 1 meter.

Innanfor område E401 kan det byggjast vasskraftverk med maksimalt 1 MW installert effekt. Det skal leggjast stor vekt på god terrengtilpassing og arkitektonisk utforming av kraftstasjonen. Det er tillatt å byggje veg både til inntaket og til kraftstasjonen. Det er krav om ein situasjonsplan.

K. Grav- og urnelund

Føremålet gjeld byggeområde sett av til grav- og urnelund med tilhøyrande bygningar og teknisk anlegg. Omfattar eksisterande gravstad ved Oppstryn kyrkje, GU401.

L. Kombinerte føremål (PBL § 11-9 nr. 1 og 5, § 11-10 nr. 1 og 2)

Område for kombinert bygging og anlegg er ein samlekategori for fleire typer arealbruk, gjeld område KB401 – KB406. Føresegna for dei einskilde føremåla gjeld i tillegg til det som står her.

Følgjande føremål kan kombinerast:

- KB401 – Bustader og fritids- og turistføremål
- KB402 – Bustader og fritidsbusetnad
- KB403 – Fritidsbusetnad og fritids- og turistføremål
- KB404 – Bustader og næring
- KB405 – Bustader og forretning
- KB406 – Bustader og offentleg eller privat tenesteyting

Det er krav om detaljreguleringsplan for KB403. Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådeling til slike føremål, ikkje kan finna stad før området inngår i ein reguleringsplan.

Det er krav om detaljreguleringsplan eller situasjonsplan for KB404, jf. gjeldande reguleringsplan for Sandvik/Fosnes.

Det blir opna opp for bruksendring til bustad for KB406 utan at det verd kravd reguleringsplan. Ved eventuell ombygging skal ikkje mønehøgda aukast.

8 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

A. Veg (PBL § 11-10 nr. 4)

Føremålet gjeld køyreveg, vegkryss, haldeplassar for buss, trafikkøyer, bruer og anna veggrunn. Områda er ikkje namnsette på plankartet.

Nye avkøyrslar eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslar frå riks- og fylkesveg skal vurderast etter «Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017-2020)».

B. Parkering (PBL § 11-9 nr. 5)

Føremålet gjeld område avsett til parkering. Områda er ikkje namnsett på plankartet.

Område for parkering på Flo i tilknytning til område for fritids- og turistføremål, FT401, skal også nyttast for snuplass og oppstilling for bussar.

C. Gang- og sykkelveg (PBL § 11-9 nr. 1 og 6)

Føremålet gjeld eksisterande og planlagde gang- og sykkelveg. Eksisterande gang- og sykkelveg er vist som svart, prikket linje i plankartet medan planlagde er vist som raud, prikket linje.

Det er krav om detaljregulering for den planlagde gang- og sykkelvegen frå Storesunde til Tangen på Grov. Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådelling til slike føremål, ikkje kan finne stad før gang- og sykkelvegen inngår i ein reguleringsplan. Det kan regulerast i etappar. Kravet om reguleringsplan gjeld ikkje der den allereie er bygd.

Linene som syner gang- og sykkelvegane i plankartet er ikkje juridisk bindande, men er berre retningsgjevande for dei framtidige reguleringsplanane.

Den planlagde gang- og sykkelvegen skal i størst mogleg grad ta omsyn til naturkvalitetar, spesielt knytt til vassdrag, og til landbruk.

D. Turveg/turdrag (PBL § 11-9 nr. 6, § 11-10 nr. 1)

Føremålet gjeld eksisterande og planlagde turveg. Eksisterande turveg er vist som svart, stipla linje i plankartet medan planlagde er vist som raud, stipla linje.

Turvegane skal haldast ved like med tanke på å ivareta friluftslivsinteressene.

Den planlagde turvegen mellom Mindresunde og Dispen skal i størst mogleg grad ta omsyn til naturkvalitetar, spesielt knytt til vassdrag, og til landbruk. Det er ikkje krav om reguleringsplan.

9 Grøntstruktur

A. Grøntstruktur (PBL § 11-9 nr. 6)

Føremålet gjeld område avsett til grønstruktur. Desse er ikkje namnsette på plankartet.

Grønstrukturen skal oppretthaldast.

B. Turdrag

Føremålet gjeld område avsett til turdrag, GT401 og GT402 (Videseter).

C. Friområde (PBL § 11-9 nr. 5 og 6, § 11-10 nr. 2 og 3)

Føremålet gjeld område sett til friområde GF401 (Dispaholmen), GF402 (Meland), GF403 (leikeplass Fosnes), GF404 (torgområde Hjelle), GF405 (leikeplass Hjelle) og GF406 (badestrand Lund).

Områda skal opparbeidast og vere allment tilgjengelege. Enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv kan tillatast. Det kan ikkje gjennomførast tiltak som strir mot at området kan nyttast som friområde.

Det er tillatt med ei utfylling innanfor område GF402.

Område GF404 skal haldast ope og siktlinje mellom veg og vatn skal oppretthaldast. Opne takoverbygg på deler av arealet kan godkjennast, gjerne utført som grindbygg eller andre tradisjonsberande konstruksjonar. Bygg skal ha ei grunnflate på maks 50 m², mønehøgde på maks 5 meter over gjennomsnittleg planert terreng, og skal utførast med god kvalitet og invitere til ulik bruk gjennom året.

10 Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)

A. LNF-areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunlaget på garden (PBL § 11-11 nr. 1 og 4)

Føremålet gjeld område for landbruks-, natur- og friluftslivsføremål, LNF. Det er namnsett LNF nokre stader på plankartet.

I LNF-områda er det berre tillate å føre opp bygningar og anlegg i samband med stadbunden primærnærings (næringsverksemd basert på garden sine egne ressursar).

Bygningar og anlegg kan førast opp etter enkeltvise søknader på følgjande vilkår:

- Det kan gjevast løyve til naudsynte tiltak for landbruket og gardstilknytt næringsverksemd.
- Nye bygg skal primært plasserast i tilknytning til driftssenteret og bygningsmessig gli inn som ein del av den eksisterande tunskipnaden. Unntak gjeld for samdriftsfjøs.
- Det kan gjevast løyve til mindre tiltak knytt til eksisterande bustadhus. Mindre tiltak er tilbygg, påbygg, frittstående uthus/garasje og mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet.

Naudsynte bygningar og anlegg knytt til landbruksverksemd kan oppførast i 100-meters beltet langs sjøen dersom bygningen vert plassert i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg. Unntak frå plassering i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg kan gjerast for tiltak som er knytt til bruk av sjøen.

Oppføring av stølshus kan berre tillatast på/i tilknytning til etablerte stølar. Bygningane skal vere i samsvar med lokal byggeskikk på stølsområdet, og tilpassast dei andre bygningane på stølen.

Naust skal oppførast i tradisjonell stil, tilpassast terrenget og eventuelt eksisterande naustmiljø i utforming og storleik. Det skal takast omsyn til friluftssinteressene. Naust skal nyttast til lager/oppbevaring av båt og fiskeutstyr, og skal ikkje innreiiast til varig opphald/overnatting.

11 Bruk og vern av sjø og vassdrag

A. Bruk og vern av vassdrag (PBL § 11-9 nr. 6 og 7, § 11-11 nr. 3)

Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, fiske og natur- og friluftsliv. Omfattar Oppstrynsvatnet, V401, samt mindre vatn og elvar som ikkje er namnsett.

I område sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag er det ikkje tillate å:

- føre opp flytebrygger og kaianlegg.
- fyller ut eller ta vekk masser i vatn og langs vassdrag med mindre det er heimla i detaljert reguleringsplan.
- setje opp gjerde eller andre innretningar som hindrar fri ferdsle langs strandlina.

Det skal leggast vekt på å bevare viktige friluftsområde, naturførekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar i tilknytning til Oppstrynsvatnet og dei andre områda, ved å bevare kantvegetasjon og unngå utfylling.

B. Ferdsel (PBL § 11-11 nr. 3)

Føremålet omfattar område for ferdsel ved Hjelle, VFE401, start- og landingsområde for sjøfly.

Tiltak og aktivitetar i området som kan vere til hinder for ferdsel er ikkje tillate.

Tal flygingar skal ikkje overstige 5 pr. veke. Ved hyppigare flyging krevst godkjenning frå Luftfartstilsynet.

C. Småbåthamn (PBL § 11-9 nr. 5, 6 og 7, § 11-11 nr. 3)

Føremålet gjeld småbåthamn. Omfattar område VS401 (Flo), VS402-VS404 (Veslebygda), VS405 (Mindresunde), VS406 (Tunold), VS407 (Sandvik), VS408 (Fosnes), VS409 (Erdal) og VS410 (Hjelle).

Innanfor område for småbåthamn kan ein installere flytande konstruksjonar, men ikkje nye utfyllingar/steinmoloer.

Områda ved dei gamle bryggane ved Oppstrynsvatnet; VS401, VS402, VS405, VS406, VS408 og VS410, skal vere fri for hindringar slik at ein kan leggje til desse med båt.

I område VS410 kan det leggjast til rette for gjestehamn/anlegg for maks fire båtar. Anlegget kan utførast i kombinasjon med tilrettelegging for bading/vassport. Minst tre av båt plassane skal vere opne gjesteplassar og heile anlegget skal vere opent for ålmenta og utformast inviterande og slik at det ikkje verkar privatiserande. Anlegget skal utformast hovudsakleg i naturstein eller tre, eller som ein kombinasjon av desse materiala.

D. Friluftsområde i sjø (PBL § 11-11 nr. 3)

Føremålet gjeld friluftsområde i sjø. Omfattar VFR401 (Veslebygda), VFR402 (bade- og fiskeplass Dispaholmen), VFR403 (Fosnes), VFR404 (Grande), VFR405 (Gardssanden på Hjelle) og VFR406 (Lunde).

Området VFR401-VFR406 skal nyttast til fiske- og badeområde. Området skal kunne merkast med bøyer i sjøen, og det er ikkje tillate med raske motorbåtar eller vannscooterar i området eller andre tiltak som hindrar ålmen bruk av arealet.

FØRESEGNER OG RETNINGSLINER TIL OMSYNSSONER

12 Sikringssoner

A. Nedslagsfelt drikkevatt (PBL § 11-9 nr. 5)

Sikringssona omfattar nedslagsfelt for drikkevatt; Flo H110_1, Storesunde H110_2 og Hjellevatn H110_3. Sikringssoner er nytta berre for dei største drikkevasskjeldene.

Det skal ikkje gjerast tiltak innanfor sikringssoner H110 som kan føre til ureining av vatnet.

13 Faresoner

A. Ras- og skredfare (PBL § 11-9 nr. 5)

Omfattar NGI sine aktsemdskart for snø- og steinsprang og NVE sine aktsemdskart for flaum- og jordskred, der begge syner potensiell ras- og skredfare i planområdet. Sonene har kode H310. Utanfor kartlagt område av NGI skal det takast omsyn til aktsemdskart for snøskred, aktsemdskart for steinsprang og aktsemdskart for jord- og flaumskred.

Faresonekart for eksisterande busetnad som er utsett for ein viss skredfare har følgjande namnsetting; H310_100, H310_1000 og H310_5000.

Ved planlegging av tiltak innanfor H310, der denne syner potensiell ras- og skredfare, må tiltakshavar ved hjelp av fagkompetent instans enten dokumentere at den reelle faresona kan reduserast, eller skildre avbøtande tiltak som gjer bygging forsvarleg etter gjeldande regelverk.

H310_100-sonene markerer område med skredfare $\geq 1:100$. Det skal ikkje oppførast tiltak innanfor faresona.

H310_1000-sonene markerer område med skredfare $\geq 1:1000$. Bygg i tryggleiksklasse S1 kan plasserast innanfor sona.

H310_5000-sonene markerer område med skredfare $\geq 1:5000$. Bygg i tryggleiksklasse S1 og S2 kan plasserast innanfor sona. Bygg i tryggleiksklasse S3 skal plasserast utanfor faresone H310_5000 innanfor vurdert område.

B. Flaumfare (PBL § 11-9 nr. 5)

Faresone H320 syner flaumfare. Dette omfattar oppdatert flaumsonkart med klimapåslag som syner 200-årsflaumen for Hjellevatn, H320_1.

Innanfor sone H320_1 skal det ikkje førast opp nye bygningar eller andre permanente anlegg. Tiltak innanfor faresona for flaum skal vurderast av fagkunnig.

C. Høgspenningsanlegg (PBL § 11-9 nr. 5)

Faresonene er knytt til eksisterande høgspenningslinjer innanfor planområdet. Omfattar også der lina er lagt i kabel. Avgrensinga er sett ut ifrå spenninga på lina, der tal meter på kvar side av lina er i høve gjeldande regelverk. Omfattar område H370_1 til og med H370_3.

Innanfor omsynssonene H370 kan det ikkje oppførast bygningar eller andre permanente anlegg. Alt arbeid skal leggast fram for og godkjennast av leidningseigar før tiltak kan igangsetjast.

D. Anna fare (ureina grunn) (PBL § 11-9 nr. 5 og 8)

Faresona er knytt til Buda, H390_1, og Stryn sommerskiser, H390_2.

Dersom området med ureina grunn, H390_1, skal nyttast til anna føremål enn dagens må det gjennomførast miljøsanering til godkjent standard for endra bruk.

Massene ved H390_2 skal skiftast ut dersom det blir etablert alternativ energikjelde.

14 Soner med særlege omsyn

A. Landbruk (PBL § 11-9 nr. 5, 6 og 7, § 11-11 nr. 1)

Omsynssone som syner samanhengande jordbruksareal på meir enn 100 daa fulldyrka lettdriven jord til grasproduksjon eller område som har eit bevaringsverdig kulturlandskap.

Omfattar område:

Flo – Kulturområde med aktivt landbruk, H510_1

Storesunde-Mindresunde - Landbruksområde, H510_2

Erdal-Greidung – Landbruk med kulturområde, H510_3

Hjelle-Hjelledalen – Landbruk med kulturområde, H510_4

Innafor omsynssonene H510_2, H510_3 og H510_4 skal det som hovudregel ikkje gjevast løyve til tiltak som fører til omdisponering av fulldyrka jord, eller driftsulemper for ordinær landbruksdrift.

For område H510_1, H510_3 og H510_4 må det ikkje gjevast løyve til og/eller gjerast større inngrep som forringar kvalitetane som særpregar området.

B. Friluftsliv (PBL § 11-9 nr. 5 og 6)

Omsynssone som omfattar følgjande område med store friluftslivsverdier:

Marsåhyrna, H530_1

Fiske- og badeplass Veslebygda, H530_2

Fiske- og badeplass Dispaholmen, H530_3 (3 område)

Fiske- og badeplass Fosnes, H530_4 (2 område)

Fiske- og badeplass Grande, H530_5

Klatreområde Greidungshammaren, H530_6

Fiske- og badeplass Gardssanden på Hjelle, H530_7

Fiske- og badeplass Hjelle, H530_8

Klatreområde Sunndalen, H530_9

Øvstebrufossen, H530_10

Videfossen, H530_11

Aktivitetssone Bombeneset, H530_12

Fiskeplass Glomnes, H530_13

Innafor omsynssonene H530 skal det takast særskilt omsyn til ålmenta sin bruk av området i friluftslivssamheng. Enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv kan tillatast.

Det skal ikkje førast opp bygg eller gjerast inngrep av type som er søknadspliktig i høve pbl eller vassressurslova.

C. Bevaring naturmiljø (PBL § 11-9 nr. 6)

Omsynssonene H560 omfattar område med naturtyper som er vurdert som svært viktige, viktige og lokalt viktige:

Ljåstad nord, Veslebygda – Slåttemark, H560_1
Ljåstad vest, Veslebygda – Naturbeitemark, H560_2
Eikenaurne-Kvitfjell - Sørvendte berg og rasmarker, H560_3
Eikenes 1 - Store gamle trær/Hule eiker, H560_4
Mindresunde – mudderbank, H560_5
Mindresunde 2 - Store gamle trær/Hule eiker, H560_6
Mindresunde 1 - Store gamle trær/Hule eiker, H560_7
Åremarka – Slåttemark, H560_8
Storsetra – Naturbeitemark, H560_9
Hjellevonga - Slåttemark, H560_10
Sunndalslia – Høstingsskog, H560_11
Sunndalen – Slåttemark, H560_12
Tverrelvfossen – Fossesprøytzone, H560_13
Hestegardshøgda, Sunndalen - Gammel boreal lauvskog, H560_14
Haugane, Hjelldalen - Slåttemark (3 område), H560_15
Øvstebrufossen, Videdalen – Fossesprøytzone, H560_16
Ryggfonna, Grasdalen – Naturbeitemark, H560_17
Sætreskaret - Kalkrike områder i fjellet, H560_18
Skjeringsdalsetra – Naturbeitemark, H560_19
Glærledet - Kalkrike områder i fjellet, H560_20
Glera, Hjelledalen – Fossesprøytzone, H560_21
Jøl-bru, Åseledet - Gammel boreal lauvskog, H560_22
Skora – Hjelledalen - Rik edellauvskog, H560_23
Ytstegjerdane - Rik sump- og kildeskog, H560_24
Glomnesfossen – Fossesprøytzone, H560_25
Segestad-slåtteng – Slåttemark, H560_26
Segestad-hagemark – Hagemark, H560_27
Felåna aust – Rik edellauvskog, H560_28

Innanfor omsynssonene H560 er det ikkje tillate med tiltak som kan skade, endre eller skjemme naturmiljøet. Søknadspålagt tiltak etter pbl skal ikkje tillatast.

Ulike tiltak for å halde området i hevd, til dømes beiting og liknande er tillate. Miljødirektoratet si kartlegging og verdivurdering av det biologisk mangfaldet skal leggast til grunn.

D. Bevaring kulturmiljø (PBL § 11-9 nr. 6 og 7)

Omsynssone H570 omfattar følgjande viktige kulturmiljø:

Landskap:

Oppstryn kyrkje, H570_1

Område rundt gravhaug på Hjelle, H570_2

Viktige kultur- og friluftslivsområde:

Flofjellsvegen, H570_3

Kamperhamrane, H570_4

Videfossen utsiktspunkt, H570_5

Viktige kulturlandskap:

Kvernhusmiljø Berge/Rygg, H570_6

Segestad, H570_7

Haugane, Hjelledalen, H570_8

Viktige stølsområde:

Furesætra, H570_9

Skorsætra, H570_10

Storesætra (Erdalsætra) , H570_11

Sunnalssætra, H570_12

Nos (Bolstadsætra) , H570_13

Viktige naustområde:

Oppigardsnausta, H570_14

Furenausta, H570_15

Brekkenausta, H570_16

Viktige bygningsmiljø:

Gardstun Aaning, H570_17

Pakkbuda, Fosnes, H570_18

Bygningsmiljø Hjelle, H570_19

Mitt kulturminne:

Kasta til Skåra (M20), H570_20

Erdalstunet (M8), H570_21

Erdal skulehus (M7), H570_22

Kvielarshelljaren Greidung (M25), H570_23

Gamletunet Sunndalen (M16), H570_24

Raffelsteinen i Grasdalen (M37), H570_25

Innanfor omsynssonene H570 skal ein ta særlege estetiske omsyn til kva ein tillet plassert i desse. Bygningar eller installasjonar som vil dominere over eller hindre innsikt til kulturmiljøet skal fortrinnsvis lokalisert utanfor omsynssona.

Innanfor H570_1, innsynssona til Oppstryn kyrkje, er det forbode, utan tillating frå biskopen, til å føre opp bygningar. Dette omfattar også kyrkjelege bygg og annan bygning på kyrkja sin grunn. Einkvar planlagd bygning fell under føresegna, også bygg under 15 m² som ikkje er melde- eller søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

Innanfor H570_2, område rundt gravhaug på Hjelle, skal det ikkje utførast nokon form for tiltak i området unntatt rydding av skog.

Eventuelle tiltak i kultur- og friluftslivsområda; H570_3, H570_4 og H570_5, og kulturlandskapa; H570_6 og H570_7 og H570_8, skal lokaliserast og utformast slik at dei underordnar seg eller byggjer opp om eksisterande kulturmiljø og kulturlandskap. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne, forstyrrar heilskapen i kulturmiljøet eller reduserer eksisterande kvalitet og opplevingsverdi. Unnataka for omsynssone H570_5 som står i reguleringsplanen for Videfossen utkikkspunkt skal framleis gjelde.

For dei gamle, særmerkte stølsområda med omsynssone H570_9, H570_10 og H570_11, H570_12 og H570_13 gjeld følgjande føresegn:

- Form, storleik, farge, materialval (utsjånad, utviding) skal vere i pakt med tradisjonane på stølen, og dokumentasjon av dette skal fylgje byggemeldinga.
- Ved bygging utanom gamle tufter (eksisterande murar) skal nybygget passe inn i byggesystemet på stølen og elles fylgje retningslinene for utsjånad.
- Oppføring av bygg som ikkje inngår i stølsområdet og har annan bruksfunksjon skal ikkje plasserast i det beiteopne landskapet rundt stølen og ikkje nærare enn 200 meter frå stølen.
- Ein skal unngå å byggje landbruksveg heilt fram til stølsområdet for å sikre rekreasjonsverdien og dei estetiske kvalitetane i stølsområdet. Veg til stølen bør avsluttast i rimeleg avstand frå stølen og bør ikkje byggast nærare det bebygde arealet enn 200 meter dersom det ikkje ligg føre særlege grunnar for det.

Dette gjeld særleg Storesætra (Erdalsætra), H570_11 som også har status som eit regionalt viktig kulturlandskapsområde.

Ein skal leggje vinn på å ta vare på dei gamle naustmiljøa; H570_14, H570_15 og H570_16, ved Oppstrynsvatnet. Nye naust som skal byggast bør nytte gamle tufter (eksisterande murar) dersom slike finns. Dei bør få tilsvarande storleik, same takvinkel og ein bør nytte nokonlunde same byggestil og materialval som for eksisterande naust.

Dei viktige bygningsmiljøa; H570_17, H570_18 og H570_19 må takast omsyn til i all planlegging.

Føresetnad for godkjend bruksendring innanfor H570_19 er følgjande:

- Ved ombygging skal fasadane for dei delane av bygga som er synleg frå vegen i stor grad behalde opphavelig utforming.
- Materialbruk skal vere tradisjonell slik at ein skal kunne sjå byggets historiske funksjon.
- Grunnmurar skal behaldast, eller murast opp på nytt med opphavelig stein og lik utforming.
- Takform og vinklar skal i hovudsak vidareførast, unnatak kan gjerast for den sida av bygget som vender vekk frå vegen.
- Ombygging skal gjerast med sær gode arkitektoniske kvalitetar.
- Ved byggesaksbehandling skal perspektiv som viser korleis bygget vil tre fram i samanhengen leggjast ved som dokumentasjon.

Prioriterte kulturminne i tematisk kulturminneplan (Mitt kulturminne); H570_20, H570_21, H570_22, H570_23, H570_24 og H570_25 skal beskyttast mot tiltak som tek vekk kulturminneverdien.

15 Område med føresegn (PBL § 11-9 nr. 4, 5 og 6)

Omfattar område som skal nyttast som veg, annan veggrunn og anleggsområde i tilknytning til skredsikring av Fv 722 Veslebygda-Flo, område #1 og #2.

I tillegg er det lagt bestemmelsområde på Hjelle, område #3.

Område #1 og #2 kan nyttast til veg og annan veggrunn samt til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av veganlegget, det gjeld mellombels bygg (brakker) og anlegg, riggområde, lagring av massar, omarbeiding og knusing av massar, skredsikringsgjerde m.m, jf. reguleringsplanen for Fv 722 Veslebygda-Flo viser. Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte.

Områda skal først attande til bruksformål og utforming slik reguleringsplanen viser. Unnateke for dette er to område der etterbruken skal vere bustadområde, B401, og område for fritids- og turistføremål, FT402.

Innanfor område #3 blir det ikkje høve til å bygge nye fritidsbustader og det blir ikkje innvilga bruksendring frå bustad til fritidsbustad.

16 Bandleggingszone

A. Bandlegging etter lov om naturvern (PBL § 11-9 nr. 6)

Omsynssona omfattar følgjande område verna etter naturvernlova, jf. naturmangfaldlova:

Flostranda naturreservat – edellauvskog, H720_1

Jostedalsbreen nasjonalpark, H720_2

Innanfor omsynssone H720_1 gjeld forskrift om vern av Flostranda naturreservat.
Innanfor omsynssone H720_2 gjeld forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.

B. Bandlegging etter lov om kulturminne (PBL § 11-9 nr. 6 og 7)

Det er lagt bandleggingszone rundt dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet;

Lok. 1 Storesunde, Bosetningsspor, H730_1

Lok. 2 Storesunde, Bosetningsspor, H730_2

Lok. 3 Storesunde, Bosetningsspor, H730_3

Mindresunde, gravrøys frå jernalder, på Seimeplassen, H730_4

Mindresunde, gravhaug frå jernalder, H730_5

Dispaholmen, gravrøys frå jernalder, H730_6

Langholmen, gravrøys frå yngre jernalder, H730_7

Tunold, fallos, H730_8

Nibba, bautastein frå jernalder, H730_9

Nesje, kyrkjestad frå middelalder, H730_10

Greidung, hellar frå jernalder, H730_11

Storesetra, hellar frå eldre jernalder, H730_12

Storesetra, hellar frå seinmiddelalder, H730_13

Storesetra, offerstein frå førreformatorisk tid, H730_14

Nos, Skålgropstein frå bronsealder-jernalder, H730_15

Hjelle, ringformet tunanlegg frå yngre jernalder, H730_16

Hjelle, gravhaug frå bronsealder – jernalder, H730_17
Bolstad, gravrøys frå jernalder, H730_18
Grov, gravhaug frå jernalder, H730_19
Grov, bautastein frå jernalder, H730_20
Sunndalen, kolgrop frå 1700-talet, H730_21
Sunndalen, rydningsrøys frå førreformatorisk tid, H730_22
Videdalen, heller frå romertid, H730_23
Videdalen, busetnadspor frå førreformatorisk tid, H730_24

I tillegg er det lagt omsynssone på følgjande forskriftsfreda kulturmiljø:
Strynefjellet vegmiljø, H730_25

Innanfor omsynssone H730 gjeld fredingsføresegn i kulturminnelova. I området er det automatisk freda og forskriftsfreda kulturminne. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at dette kan skje.

Fredinga for Strynefjellet vegmiljø, H730_25, omfattar heile veglegemet med over- og underbygning, inklusive murar, sideterreng, stabbesteinar, stikkrenner og anna vegutstyr, mellom anna festeboltar for tjoring av hest.
